



Aukra kommune

Årsmelding 2009



Aukra kommune





Innhold

	Side
Rådmannen	2
Økonomiske hovudoversikter	7
Medarbeidar og organisasjon	12
Økonomiavdelinga	14
Pedagogisk rådgjevar, skule- og barnehagefagleg ansvarleg	16
Administrasjonsavdelinga	18
Utviklingstrekk i Aukra	20
KOSTRA-tabell	22
Årsmeldingar frå einingane	
Riksfjord skole	24
Julsundet skole	26
Barnebo barnehage	28
Bergetippen barnehage	30
Oppvekst og kultur	32
Pleie og omsorg	35
Helse og sosial	37
Plan, utvikling og samfunn	39
Forvaltning, drift og vedlikehald	41
NAV Aukra	43



Rådmannen



Rådmann Dagfinn Aasen

Innleiing

Årsmeldinga og årsrekneskapen er dei sentrale dokumenta der administrasjonen gir attendemelding til kommunestyret over utviklinga i kommunen siste år. Kl. § 48.5 seier følgjande om formalkrava til årsmeldinga:

- I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt andre forhold av vesentlig betydning for kommunen.
- Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i kommunen, det skal redegjøres for tiltak som er eller vil bli iverksatt for å fremme likestilling og forhindre forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling mellom kjønnene

Denne årsmeldinga er bygd over nokolunde same lest som meldinga for 2008. Årsmeldinga må lesast saman med årsrekneskapen, i og med at det meste av økonomiske analyser etc. vil gå fram av saka om årsrekneskapen. Hovudoversiktar etc. er imidlertid teke med og kommentert også i årsmeldinga.

Målstyring

I årsmeldinga for 2008 omtalar rådmannen behovet for eit samla målstyringssystem, som kan vere til god hjelp når administrasjonen skal rapportere til m.a. politisk nivå. Over tid vil ein da få eit godt samanlikningsgrunnlag for utviklinga på viktige område i kommunen. I årsmeldinga for 2008 var det lagt meir vekt enn i tidlegare år på å finne fram til egna mål-/samanlikningstal, og kommunestyret ga positive attendemeldingar.

I årsmeldinga for 2009 har vi lagt vekt på å følgje opp dette. På mange områder har vi god kunnskap om korleis tilstanden er, og i årsmeldinga er det er konkret rapportert på viktige variablar, eksempelvis

- Økonomi – forbruk, kostrasamanlikningar over tid, etc.
- Tenesteanalysar for skolane – ressursinnsats, karakterar/resultat, mobbing, etc.
- Nærvær (sjukefråver)
- Likestilling
- Medarbeidartilfredsheit (medarbeidarundersøking er gjennomført i desember 2009) er kommentert i korte trekk under kvar eining, og det vil og bli rapportert til kommunestyret i eiga sak.
- Barnehagedekning
- Årsgebyr for viktige tenester


I løpet av 2009 har kommunestyret gjennomført to dialogmøter som i stor grad har omhandla økonomi og tenesteutvikling, og i diskusjonane har ord som målstyring, målekart, målekriterier, samanlikningsdata, kostra, nivå på tenester, etc vore brukte begrep. Som *organ* har kommunestyret ikkje "bestilt" innføring av eit konkret målstyringsopplegg, men rådmannen vil legge fram ei kommunestyresak om dette hausten 2010. "Målstyring" inneber at vi utviklar ein felles tenke- og handlemåte, og at resultatata blir tydeleggjort. Dette er vi no i gang med å



førebu, som ledd i arbeidet med evaluering av den administrative organiseringa. Rådmannen vil gjere greie for og drøfte dette med kommunestyret i dialogmøte 26. mai 2010.

Den administrative strukturen er velkjend for kommunestyret. Den vesentlegaste endringa som er gjort i 2009 er at NAV har kome inn

som ei 10. eining. NAV-kontoret vart opna i november, og styringsstrukturen i NAV er slik at lokal NAV-leiar rapporterer både til fylkesleiar i NAV og rådmann i vedkomande kommune. Organisasjonsmodellen er med dette følgande pr. 31.12.2009:



Folkevalde organ

Aukra kommune er prega av eit høgt aktivitetsnivå, det gjeld både administrativt og politisk. Talet på saker er høgt, og møtefrekvensen samla sett tilsvarande. Dei to siste åra har utviklinga vore slik:

Organ	Saker 2008	Møter 2008	Saker 2009	Møter 2009
Kommunestyret	108	9	136	10
Formannskapet	137	15	148	14
Livsløp	89	12	65	7
Drift og areal	83	11	93	12
Totalt	417	47	442	43

I tillegg er det stor aktivitet på områder og saksfelt som ikkje blir registrert i ein statistikk som dette.

Kommunestyret har i 2009 behandla delegasjonsreglement og økonomireglement som m.a. gjeld arbeidsfordeling mellom folkevalde organ og administrasjonen. I desse reglementa er det ikkje gjort grep som endrar fullmaktene i nemneverdig grad.

Kommunestyret har ved nokre høve i 2009 drøfta sine eigne arbeids- og møteformer. Det skal og skje på dialogmøte 26. mai 2010. Kommunestyret vil da kunne vurdere om det er



ønskjeleg å foreta endringar i gjeldande møtepraksis, arbeidsdeling, etc.

Eit konglomerat av saker...

Det er blitt sagt at ein kommune er slik ein "landhandel" var i gamle dagar, med stor spennvidde i "vareutvalet", og der inga "sak" var for stor eller for lita. Nedanfor følgjer eit riss gjennom saker som er lagt på kommunestyrets bord i 2009 (lista er ikkje uttømande):

- Nye Riksfjord skole - forprosjekt (del 1 av 2), entrepriseform, lokalisering
- Statnett - utbyggingsavtale for reservekraftanlegget
- Hovudvassforsyning frå Tverrlia til Gossen
- Erverv av Falkhytten gård
- Kyrkjelydshuset – finansiering
- Bergtun bufellesskap – ny leiligheit
- Etablering av NAV-kontor
- Vågen båt – rekapitalisering, mv.
- ASAS – utviding av aksjekapital
- Møreaksen/fastlandssamband – vidare framdrift
- Anbud ambulansebåt
- Utbygging av breiband – eigenandel
- Kunstgrasbana/Aukra Stadion – auka prosjektkostnad
- Oppretting av 4 formålsbestemte fond, samt vedtekter knytta til desse:
 - tilskott til frivillige lag og organisasjonar i nærmiljøet
 - støtte til ideelle føremål
 - kompetansetiltak for eigne tilsette
 - fond til stimuleringstiltak for næringsliv og næringsutvikling (forslag til vedtekter for dette fondet blir lagt fram i 2010)
- Omsorgsplan – vedtak
- Kommuneplan – planprogram (tekstdelen; "samfunnsplana")
- Energi-, miljø- og klimaplan – planprogram
- Ei lang rekkje reguleringsplaner og – reguleringsplanendringar
- Rusmiddelplan – revidering
- Kulturplan – oppstart
- Barnehageplan – oppstart
- Beredskapsplanlegging – vedtak: kommunal beredskapsplan, pandemi
- Politiet i regionen – ny forslag til organisering
- Tilsyn frå revisjon og Fylkesmann, m.a. om opplæringslova, forvaltningsrapport for kommunens innkjøp (anskaffingar)
- Tenesteanalyser for skolane (sak) og Kommunen som skoleeigar (notat)
- Nærværingsprosess (om reduksjon av sjukefråveret)
- Oppretting av stilling for arbeidet med "gass og næringsrelaterte utfordringar"
- Folkehelsekoordinator – omgjering til fast stilling
- Reglar for varsling av event kritikkverdige tilhøve
- Ikt-plan (avrappoterter av gjeldande plan fram til 31.12.2009)
- Seniorpolitiske retningslinjer

Frå administrasjonens side legg vi stor vekt på at samarbeidet med folkevalde organ og med den enkelte folkevalde skal vere så godt som muleg, og vere basert på respekt og tillit. Formelt er det slik at kommunestyret "kjenner kun rådmannen" – ansvaret er dermed tydeleg plassert – men vi har ein open organisasjon, administrasjonen skal stå til teneste overfor alle folkevalde, og da møter også kommunens folkvalde svært mange av dei tilsette i løpet av eit år.

Sett frå rådmannens side er sentrale mål for administrasjonen i samarbeidet med folkevalde

- å utarbeide kvalitativt gode saksframlegg,
- å legge opp til gode prosessar i plan- og utviklingsarbeid,
- å sørge for god informasjon og legge til rette for ønska medverknad,
- å sende ut saker til rett tid, og
- å omtale kommunen, saker og personar med god folkeskikk

Rådmannen vil gjerne ha synspunkt på i kor stor grad administrasjonen lukkast med dette, og det er ei forventning frå administrasjonen at



slike "samspelsreglar" og samspelsmål også gjeld frå folkevalde si side. Kommunens omdøme står sentralt i dette.

Likestilling

I årsmeldinga skal kommunen rapportere på likestilling og tiltak for å fremme likestilling. Kommunen har på mange områder viktige og sentrale kvinnearbeidsplassar. I kapitlet "Medarbeidar og organisasjon" er det gjort nærare greie for likestillingssituasjonen i kommunen. Det går m.a. fram at:

- 82 % av alle tilsette er kvinner
- forskjellen i gjennomsnittleg grunnløn mellom kvinner og menn er minkande, m.a. som følgje av aktiv prioritering i kommunens lokale lønspolitikk
- kvinneandelen i rådmannens leiargruppe er pt 53,3 % (8 av 15 er kvinner, frå mai 2010 9 av 16, dvs. 56,2%). Kompetanse og rekrutteringspolitikk er avgjerande for denne utviklinga.

Det kanskje viktigaste likestillingsmessige tiltaket framover vil bli følgande: i fleire av dei kvinnedominerte stillingsgruppene er det overvekt av deltidsstillingar (i sum over 70%). Som stor arbeidsgivar må vi gå gjennom dette tildels kompliserte feltet, og forsøke å finne fram til tiltak (anna organisering, andre typar turnus, el.l.) samt sette mål som over noko tid kan bidra til stillingsbrøkar som er "til å leve av", og som vil ha fleire andre positive verknader. - Dette er meir omhandla under kapitlet "Pleie og omsorg".

Styring og styring....

At Aukra kommune har god økonomi gjer det muleg å yte gode tenester og bygge ut kommunale tilbod i eit omfang som er få andre kommunar forunt. Rekneskapa for 2009 gir eit konkret bilete av dette gjennom eit stort økonomisk forbruk, samla sett. Vi ser ut frå ei rein økonomisk vurdering at kommunens innbyggjarar allereie har fått eit tenestenivå som på mange områder ligg langt over andre kommunar.

Styring er eit relativt begrep. Det er eit fellesansvar for kommunestyre og rådmann å ta tak i dette: Vi styrer driftsaktivitetar og investeringstiltak, vi styrer etter vedtak, frå sak til sak, mange tiltak kjem opp undervegs, kanskje vel vitande om at det er økonomi til å gjennomføre mange ting sjølv om det opprinneleg ikkje er dekning i budsjettet. Slik aktivitetsstyring inneber sjølv sagt dilemmaer for reell og konsistens økonomisk styring. Utfordringa består ofte i å sjå langsiktige og samla konsekvensar av alle enkeltvedtaka.

I 2009 er det foreslått og fatta vedtak om investeringar som vil utfordre kommunens økonomiske evne dei komande åra. Fram mot 2015/2016 vil mange store og etterlengta løft bli gjennomført. Delvis vil det skje med lånte midlar, og dette krev eit langsiktig blick. Vi kan vanskeleg la driftsbudsjetta auke noko serleg samtidig som store investeringar medfører betydelege konsekvensar m.o.t. kapitalutgifter og nye løpande driftsutgifter.

I dialogmøtet i mai 2010 vil ei av problemstillingane difor vere:

Kor går grensene - Er det muleg i Aukra kommune å bli einige om ein lokal "handlingsregel" som gjer sunn aktivitets- og økonomistyring muleg over tid?

Da må vi feste blikket fram i tid - på t.d. 2020 – og utvikle og halde fast ved ein strategi basert på consensus.

Økonomisk stilling og resultat 2009

Årsmeldinga skal rapportere både på aktivitet og økonomi. M.o.t. økonomi er det visse formelle krav som må oppfyllest.

Formelle krav og reglar

Aukra kommune fører rekneskap etter dei kommunale rekneskapsprinsippa som er nedfelt i kommuneloven § 48 og rekneskapsforskrifta § 7. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor, og betyr at all tilgang og bruk av midlar i løpet av året som gjeld kommunal verksemd, skal gå fram av driftsrekneskapa eller



investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen viser driftsutgifter og -inntekter i kommunen og regnskapsresultatet for året. Investeringsrekneskapen viser kommunen sine utgifter og inntekter i samband med investeringar, og korleis desse er finansiert.

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet, det vil seie at det ikkje skal førast frådrag i inntektene for tilhøyrande utgifter og ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. På denne måten kjem aktiviteten i kommunen fram med riktige beløp.

Alle relevante økonomiske forhold blir kommentert meir detaljert i årsrekneskapen. Dei økonomiske hovudoversiktane som er teke inn i dette årsmeldingsdokumentet er følgjande:

- økonomisk oversikt – drift
- økonomisk oversikt – investeringar
- balansen

Tabellane/oversiktane blir kommentert på dei etterfølgande sidene.



Økonomiske hovedoversikter

Økonomiske oversikter - drift

	Regnskap 2009	Budsjett m/end.	Budsjett (oppr.)	Regnskap 2008
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	10 897 188	10 266 434	10 266 434	10 320 235
Andre salgs- og leieinntekter	20 260 947	20 374 732	20 374 732	19 826 998
Overføringer med krav til motytelse	67 998 224	39 337 438	38 849 438	60 686 727
Rammetilskudd	46 951 856	43 000 000	43 000 000	21 326 205
Andre statlige overføringer	7 569 234	2 840 000	718 000	5 388 602
Andre overføringer	75 970	0	0	38 531
Skatt på inntekt og formue	68 431 880	94 100 000	94 100 000	96 480 229
Eiendomsskatt	137 335 800	132 000 000	132 000 000	132 991 600
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	359 521 100	341 918 604	339 308 604	347 059 126
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	133 115 080	128 104 318	125 792 997	120 086 369
Sosiale utgifter	35 911 930	38 706 356	38 147 597	29 750 385
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	65 351 203	45 168 412	42 309 412	52 234 796
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	14 190 581	12 670 356	11 354 356	13 382 172
Overføringer	27 754 956	26 038 114	28 910 900	23 915 501
Avskrivninger	11 656 061	1 578 000	1 578 000	9 271 222
Fordelte utgifter	-8 388 753	-6 269 896	-6 269 896	-5 839 123
Sum driftsutgifter	279 591 059	245 995 660	241 823 366	242 801 322
Brutto driftsresultat	79 930 042	95 922 944	97 485 238	104 257 803
Finansinntekter				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	3 683 468	4 000 000	4 000 000	5 388 268
Mottatte avdrag på utlån	570 278	550 000	150 000	1 212 727
Sum eksterne finansinntekter	4 253 746	4 550 000	4 150 000	6 600 996
Finansutgifter				
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	3 893 887	8 050 000	8 050 000	9 364 012
Avdragsutgifter	5 604 544	5 400 000	5 400 000	26 798 621
Utlån	596 550	520 000	120 000	278 317
Sum eksterne finansutgifter	10 094 980	13 970 000	13 570 000	36 440 950
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-5 841 234	-9 420 000	-9 420 000	-29 839 954
Motpost avskrivninger	11 656 061	1 578 000	1 578 000	9 271 222
Netto driftsresultat	85 744 868	88 080 944	89 643 238	83 689 071
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	69 937 980	69 937 980	0	47 363 696
Bruk av disposisjonsfond	2 720 142	2 914 805	0	47 824
Bruk av bundne fond	1 604 718	2 000 000	1 800 000	2 503 609
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	74 262 841	74 852 785	1 800 000	49 915 130
Overført til investeringsregnskapet	62 602 717	100 196 353	69 327 000	24 210 564
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	60 364 951	60 362 866	21 794 238	37 369 033
Avsetninger til bundne fond	5 741 012	322 000	322 000	2 086 624
Avsetninger til likviditetsreserven	2 052 511	2 052 511	0	0
Sum avsetninger	130 761 191	162 933 729	91 443 238	63 666 221
Regnskapsmessig mindreforbruk	29 246 518	0	0	69 937 980



Økonomiske oversikter, investering

	Regnskap 2009	Budsjett m/end.	Budsjett (oppr.)	Regnskap 2008
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	2 687 097	240 000	0	1 774 585
Andre salgsinntekter	873 437	0	0	754 040
Overføringer med krav til motytelse	3 482 182	0	0	1 651 049
Statlige overføringer	0	0	0	0
Andre overføringer	1 961 224	0	0	25 010 000
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0	0
Sum inntekter	9 003 939	240 000	0	29 189 674
Utgifter				
Lønnsutgifter	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	43 730 528	65 080 375	56 827 000	56 317 746
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	25 046	0	0	0
Overføringer	7 127 413	0	0	4 193 675
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	6 988	0	0	41 549
Fordelte utgifter	-158 175	0	0	0
Sum utgifter	50 731 801	65 080 375	56 827 000	60 552 969
Finansstransaksjoner				
Avdragsutgifter	488 214	2 000 000	2 000 000	30 324 851
Utlån	5 550 000	0	0	533 228
Kjøp av aksjer og andeler	7 118 521	6 740 000	0	1 576 850
Dekning av tidligere års udekket	10 369 353	10 369 353	0	0
Avsetninger til ubundne investeringsfond	33 500 000	33 500 000	12 500 000	10 000 000
Avsetninger til bundne fond	2 188 846	0	0	884 805
Avsetninger til likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	59 214 934	52 609 353	14 500 000	43 319 734
Finansieringsbehov	100 942 795	117 449 728	71 327 000	74 683 030
Dekket slik:				
Bruk av lån	931 140	0	0	771 403
Mottatte avdrag på utlån	7 381 187	2 000 000	2 000 000	1 082 334
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Overføringer fra driftsregnskapet	62 602 717	100 196 353	69 327 000	24 210 564
Bruk av disposisjonsfond	5 648 375	11 078 375	0	30 730 112
Bruk av ubundne investeringsfond	2 579 649	4 175 000	0	7 519 265
Bruk av bundne fond	0	0	0	0
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum finansiering	79 143 068	117 449 728	71 327 000	64 313 678
Udekket	-21 799 728	0	0	-10 369 353



Balansen

	Regnskap 2009	Regnskap 2008
EIENDELER		
Anleggsmidler	532 472 861	491 510 216
Faste eiendommer og anlegg	315 234 959	282 947 040
Utstyr, maskiner og transportmidler	12 125 822	11 066 228
Utlån	6 128 502	8 086 531
Aksjer og andeler	14 641 967	11 893 946
Pensjonsmidler	184 341 611	177 516 471
Omløpsmidler	179 367 461	141 668 815
Kortsiktige fordringer	48 892 858	26 026 285
Premieavvik	0	4 021 727
Aksjer og andeler	0	0
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd	130 474 603	111 620 802
SUM EIENDELER	711 840 322	633 179 031
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	296 814 113	232 005 313
Disposisjonsfond	66 867 396	14 870 961
Bundne driftsfond	14 413 915	10 277 622
Ubundne investeringsfond	39 280 695	8 360 343
Bundne investeringsfond	4 389 851	2 201 005
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	-2 413 245	1 963 000
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk	29 246 518	69 937 980
Regnskapsmessig merforbruk	0	0
Udisponert i inv.regnskap	0	0
Udekket i inv.regnskap	-21 799 728	-10 369 353
Likviditetsreserve	0	-6 428 755
Kapitalkonto	166 828 711	141 192 509
Langsiktig gjeld	369 829 715	355 053 271
Pensjonsforpliktelser	246 952 922	226 464 866
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	122 876 793	128 588 405
Kortsiktig gjeld	45 196 494	46 120 447
Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	45 315 081	45 473 967
Premieavvik	-118 587	646 480
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	711 840 322	633 179 031
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto	2 975 665	1 674 173
Ubrukte lånemidler	1 124 173	1 674 173
Andre memoriakonti	1 851 492	0
Motkonto til memoriakontiene	-2 975 665	-1 674 173



Forklaring til hovudoversiktane:

Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat viser resultat av Aukra kommune si ordinære drift inkludert avskrivning på varige driftsmidlar. Resultatet fortel om kommunen sin evne til å betene lånegjeld, korleis ein finansierer årlege investeringar og avset midlar til seinare års bruk.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat viser differansen mellom kommunens løpande inntekter (inklusive finansinntekter) og dei løpande utgiftene (inklusive finansutgifter), korrigerert for avskrivningar. Korreksjonen for avskrivningar skjer fordi det i kommunale rekneskap er utgiftene til avdrag som inngår i berekninga av netto driftsresultat og ikkje avskrivningane. Eit positivt netto driftsresultat viser at kommunen klarer å finansiere kapitalutgifter ut over drifta, eller å sette av til framtidig drift. Et negativt driftsresultat viser at kommunen tærer på tidligare avsette reserver eller går med underskot.

Avviksanalyse

Kommunens netto driftsresultat i 2008 er positiv med kr. 85, 7 mill. Dette er ein reduksjon på 2,3 mill. kroner i forhold til budsjett.

Kommunens investeringsrekneskap syner eit resultat der 21,7 mill.kr. av årets investeringar ikkje er dekkja opp. Dette kan skuldast meirforbruk på tidlegare vedtekne investeringane og ved at vedtak om lånefinansiering ikkje har vorte nødvendig å gjennomføre (m.a. er lån på enkelte investeringar ikkje teke opp, i og med at driftsfinansiering har vorte muleggjort).

Vesentlige avvik i driftsrekneskapet i forhold til budsjett skuldast hovudsakleg følgjande postar:

- Overføringar med krav til motyting har ei meirinntekt på 28,6 mill.kr. (Årsaka til dette er mellom anna for lite budsjettert momsrefusjon, refusjon fødselspermisjon,

og ikkje budsjettert refusjon i samband med utbygging av Juvik småbåthamn).

- Rammetilskot har ei meirinntekt på 3,9 mill.kr. som skuldast nedgang i skatteinntekter.
- Andre statlege overføringar har ei meirinntekt på 4.mill.kr. (Dette skuldast hovudsakleg for lågt budsjettert skjønstilskot til barnehagedrifta, og kompensasjonstilskot frå husbanken).
- Skatt på inntekt og formue er redusert med 25,6 mill.kr.
- Eigedomsskatten har ei auke på 5,3 mill.kr.
- Auke i lønsutgifter på 5 mill.kr. (Som hovudsakleg skuldast auka vikarutgifter, samtidig har vi ei auke i refusjon fødselspermisjon på kr. 1,8 mill.).
- Sosiale utgifter er redusert med kr. 2,8 mill. – årsaka er for høge anslag ved budsjettering av pensjonsutgifter.
- Kjøp av varer og tenester har ei auke på 20,1 mill.kr. grunna auke i fordelte utgifter, Juvika småbåthamn og fylkesveg Juvik – Sæter.
- Lågt rentenivå bidrog til at renteutgiftene vart 4,1 mill.kr. lågare enn budsjettert.

Vesentlige avvik i investeringsrekneskapen i forhold til budsjett skuldast hovudsakleg følgjande postar:

- Auka sal av tomter i bustad- og industriområde 2,4 mill.kr.
- Auke i mottekne refusjonar, overføringar frå andre og sal til andre knytt til gjennomførte investeringar på om lag 5,3 mill.kr.
- Forsinka igangsetting og framdrift i investeringsprosjekt gjer at ein har ein reduksjon av kjøp av varer og tenester/overføringar (mva) på 14,2 mill.kr.

Samla gjev dette eit redusert finansieringsbehov på 22,0 mill.kr. (5 mill.kr. i utlån er finansiert med tilbakebetaling i året). Dette fører til at investeringsrekneskapen ikkje har behov for finansiering via overføring frå drift og bruk av fond som budsjettert.

**Diverse nøkkeltal.**

Netto driftsresultat bør etter vanlege tilrådingar ligge på minimum 3% av driftsinntektene.

Aukra kommune har et netto driftsresultat i 2009 på 85,7 mill.kroner, tilsvarende 23,8% av inntektene.

%	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Gjennomsnitt
AUKRA KOMMUNE	3,0	3,7	3,8	22,6	24,1	23,8	13,5 %
FYLKET	2,2	3,1	3,7	0,3	-3,0	2,4	1,5 %

Netto eksterne finansutgifter seier noko om kor stor del av kommunens driftsinntekter som blir brukt til finansutgifter. Høg gjeld med høge rente- og avdragsutgifter medfører mindre ressursar til dagleg drift og mindre fleksibilitet mht. å omdisponere midlane i drift.

%	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Gjennomsnitt
AUKRA KOMMUNE	4,7	4,5	5,0	4,8	8,5	1,6	4,9 %
FYLKET	1,9	2,5	3,4	4,8	7,3	2,2	3,7 %

Aukra kommune hadde spesielt høge avdrag i 2008 som har samanheng med tilbakebetaling av lån til Hydro.

Disposisjonsfond seier noko om kor mykje kommunen har i frie reservar, dvs. del av frie inntekter som ikkje er bruka i drifta. Kommunen treng eit disposisjonsfond av ein viss storleik for å møte uventa kostnader, svikt i frie inntekter og finansiering av framtidige investeringar.

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Gjennomsnitt
AUKRA KOMMUNE	7,5	7,7	6,7	3,0	4,3	18,6	8,0 %
FYLKET						2,7	2,7 %

Netto lånegjeld i % av driftsinntektene seier noko om kommunens soliditet, dvs. fordeling mellom gjeld og eigenkapital. I lånegjelda er formidlingslån og pensjonsforpliktingar haldne utanom.

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Gjennomsnitt
AUKRA KOMMUNE	65,2	74,2	80,6	61,6	33,1	30,5	57,5 %
FYLKET		78,3	82,7	77,0	81,6	78,0	79,5 %

Netto lånegjeld pr innbyggjar er pr. 31.12.09 på kr. 34.232 som er ein nedgang på kr. 3.100 frå 2008.

Arbeidskapitalens driftsdel seier noko om kommunen evne til å betale for sine forpliktingar etter kvart som dei forfell. Likviditeten målt som arbeidskapitalens driftsdel bør minst utgjere 5% av kommunens driftsinntekter.

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Gjennomsnitt
AUKRA KOMMUNE	3,2	-1,1	-3,2	18,7	21,0	20,3	9,8 %



Utover i dokumentet følgjer nærare kommentarar frå stabseiningar og støttefunksjonar, samt bidrag til årsmeldinga frå dei enkelte einingane.

*Dagfinn Aasen
rådmann*

Medarbeidar og organisasjon



Dei tilsette ved løns- og personalavdelinga: sekretær Monica Eikebø, personalsjef Rannveig Oterhals, sekretær Turid Tennøy og konsulent Anne Berit Solem

Løns og personalkontoret er rådgjevar til einingane og toppleiinga i spørsmål innan området personal og lønn, og utfører støttefunksjonar i samband med bemanning, rekruttering, frávær, heimelsregistrering mm. Vi har ansvar for at løn vert utbetalt til rett tid og har ansvar for all rapportering og statistikk i samband med lønn. LØP registrerer alt legemeldt frávær og føl opp sjukelønnsutbetalingane samt syter for refusjon frå NAV.

Av andre oppgåver som ligg til kontoret er saksbehandling til politiske utval og partssamansette utval, sekretariat for eldreråd og overformynderi og ansvar for gjennomføring av stortingsval og kommunestyreval.

Med 286 årsverk fordelt på ca 342 faste stillingar har organisasjonen auka med 3 årsverk frå året før.

Av 36 tilsette over 62 år, var det 4 tilsette som tok ut delvis AFP, 1 tok ut heil AFP og 1 gjekk av med alderspensjon. Alle tilsette over 62 år, også faste vikarar, inngjekk senioravtale. Av desse var det 29 som valde å ta imot lønnsstillegget, 7 valde ein kombinasjon. Det er

innvilga attføring/rehabilitering for 6 tilsette, 2 av dei for ei kortare periode. Til saman er 20 personar på heil eller delvis attføring/uføre.

Helse, miljø og tryggleik

- Sjukefráværet totalt var på 7,7 %.
- Korttidsfráværet (under 17 dagar) var på 2,2 % og langtidsfráværet på 5,5 %.
- Eigenmeldt og legemeldt på 1,0 og 6,5.

Dette er ein reduksjon frå 9,7 % i 2008 og det er langtidsfráværet som har størst nedgang. Oppfølginga av den enkelte sjukemeldte er tett og einingane har fokus på vurdering av tiltak og tett kontakt med NAV og bedriftshelsetenesta.

I haust vart det sett ned 7 nærversgrupper som fekk i oppgåve å lage handlingsplanar for sine arbeidsplassar med konkrete tiltak som kan bidra til at nærværet aukar. Resultatet skal presenterast våren 2010 og leggjast fram for kommunestyret.

Bedriftshelsetenesta har hatt helsekontrollar for tilsette som har vore sjukemeldt i 4 veker eller meir. Det er ikkje gjennomført helsekontrollar av grupper av tilsette, men det er gjennomført nokre arbeidsplassbesøk.



AMU hadde 3 møter og bedriftslegen møtte på desse.

Av velferdsmidlane vart det sett av kr. 10.000 til fellesarrangement annakvart år, kr. 30.000 til klippekort på treningssenteret og kr. 50.000 vart fordelt til einingane. Treningssenteret er flittig brukt.

Rekruttering

Vi har framleis store utfordringar med å rekruttere riktig kompetanse. Det er også få med riktig kompetanse som søker læreplassar. Vi manglar barne- og ungdomsarbeidarar og vanskelegast er det å rekruttere til helsefagarbeidet. I 2009 vart det lyst ut 7 ledige læreplassar og vi fekk 1 kokkelærling og 1 i barne- og ungdomsarbeid.

Det er størst utfordring å rekruttere førskulelærarar, noko som også skuldast auken i barnehageutbygginga og mangel på utdanna pedagogar. Sjukepleiarar/spesialsjukepleiarar og ingeniørar er også ei utfordring. Når arbeidskraft er mangelvare, har lønn vore viktigaste innsatsfaktoren for tilsetjing. Deltidstilsette har i stor grad fått auka stillingane sine og det har vore nytta overtid der dette har vore naudsynt. Einingane brukar veldig store ressursar til å skaffe vikarar. Positivt er det at vi har fått tilsett driftsingeniør etter mange års vakanse.

Likestilling

Begrepet likestilling dreier seg ofte om like rettar, plikter og mulegheitar på alle samfunnsområde. I arbeidslivet dreier dette seg særleg om problemstillingar rundt likeløn, utdanning og yrkesval. Undersøkingane er gjort blant fast tilsette. 82 % av dei tilsette er kvinner. 62 menn er fast tilsett og størsteparten av dei arbeider ved FDV og skolane.

- 37,1 % av arbeidsstokken har full stilling og 24 % arbeider 75 – 99 %.
- 8,6 % har mindre enn 25 % stilling. I 2007 var dette 7,4 %. Nokon av dei med små helgestillingar er studentar.
- 32,9 % av mennene arbeider deltid og 70,4 % av kvinnene.

Gjennomsnittleg grunnlønn pr. mnd i 2009 for menn var kr. 31.469 og for kvinner kr. 29.133. Endringa i grunnlønn for kvinner var +4,4 % i perioden 2008/2009 og for menn +1,6 %. Kvinnerens grunnlønn av menns er 93 % når ein justerer for alder og ansiennitet. Ved justering for utdanning ligg den på 97 %. Det er ei positiv utvikling frå hhv. 91 % og 94 % i 2007. 45 % har høgskule/universitet, 51,6 % av mennene og 43,6 % av kvinnene. Ca. 21 % har fagbrev, 23,6 % av kvinnene og 8 % av mennene. Der vi har grupper av tilsette med same utdanning og stilling, ligg lønnsnivået på tariff og likt for begge kjønn. Likelønn er viktig tema ved lokale forhandlingar og "unormerte" stillingar har eit spesielt fokus for å rette opp skeivheiter.

Samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane

Rådmannen har lagt opp til 4 faste møter i året med hovudtillitsvalde. I 2009 vart det halde 2 slike møter. Arbeidsgjevar og tillitsvalde har også hatt mange møter i andre samanhengar i løpet av året. Dette gjeld m.a lokale og særskilte forhandlingar, ved tilsetjingar, endringar i organisasjonen, møter i adm.styret og under arbeid med planer og utarbeiding av lokale retningslinjer og avtaler.

Lønsforhandlingar

Resultatet frå sentrale forhandlingar 2008 gav medlemmane i kap. 4 eit tillegg gjeldande frå 01.05.09. Det vart ikkje sett av lokal pott for 2009 og lokale forhandlingar vart difor ikkje gjennomført for andre enn medlemmane i kap. 3 (leiarar) og 5 (unormerte). Etter drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane, la ein seg på ca. 3,1 % lønsauke for desse. Dette var likt med lønnstillegget medlemmane i kap. 4 fekk.

Kompetanseutvikling:

Det er innhenta kompetanseoversikt for tilsette i Aukra kommune. Dette skal leggjast inn elektronisk og nyttast i utarbeiding av kompetanseplanar på alle nivå. Kommunestyret vedtok å opprette eit fond på 2 mill. kroner til stønad for dei som ønsker å ta etter og vidareutdanning. Det vart igangsett



arbeid med å utarbeide retningslinjer for slik stønad. For pedagogisk personale er dette arbeidet ferdig, også med tanke på at dei har høve til å søke på statlege midlar. Kompetanseplanar ligg føre både for pedagogisk personale og tilsette i pleie og omsorg.

Tildeling av heidersmerke

Kommunenes Sentralforbund sitt heidersmerke for lang og tro teneste vart tildelt 3 av våre tilsette under festmiddagen på Soltun den 17. desember.



Bjørn Hukkelberg, Margrete Gjelberg og Anne Ingjerd Solem fekk tildelt KS sitt heidersmerke.

Mål for 2010:

- Utarbeide forslag til ei arbeidsgivarpolitisk plattform.
- Legge fram resultatet frå nærvarsarbeidet med ei plan for gjennomføring av konkrete tiltak.
- Utarbeide kompetanseplan.
- Bidra i arbeidet med å evaluere organiseringa i sentrale styringsorgan (stab/støtte)
- Ferdigstille ei revidert personalhandbok.
- Effektivisering av tenestene gjennom auka bruk av elektroniske hjelpemiddel for timeregistrering, kartlegging av kompetanse, føring av reiserekningar og i rekrutteringsarbeidet.

*Rannveig Oterhals
Løns- og personalsjef*

Økonomiavdelinga



Dei tilsette ved økonomikontoret: (:frå ventre) IT-konsulent Roger Oshaug, konsulent Marzin Mazurec, sekretær Anne Kristiansen, IKT-lærling Kim Lyngvær, IT-konsulent Mathias Løvik, konsulent Ingunn Tautra og økonomisjef Erna Varhaugvik.

Økonomiavdelinga har det faglige ansvaret på områda økonomi, skatt og IKT. For å sikre effektiv og forsvarlig økonomistyring i Aukra kommune er det viktig at avdelinga yt god fagleg bistand ut til einingane og medverkar til at administrativ og politisk leiing har gode grunnlag å fatte sine vedtak på.

Økonomi

Avdelinga er ansvarleg for rekneskap, innkrevjing av kommunale krav, finansforvaltning, budsjett og økonomiplan. I



2009 har avdelinga hatt fokus på i større grad å nytte fagprogramma sine høve til å avgrense feilføringar og slik sikre betre kvalitet på dei data som blir produsert. Arbeidet med heimelsoversikta er vidareført og ytterligare kvalitetssikra. Heimelsoversikta er eit godt verktøy i budsjetteringa av fast løn i Aukra kommune, rapportar viser at vi i 2009 har lite avvik på fastløn. Det har vore satsa på kompetansehevande tiltak og to av dei tilsette har delteke på NKK-skulen sine høgskulekurs i grunnleggjande og vidaregåande kommunerekneskap.

IKT

Avdelinga har ansvaret for utvikling og vedlikehald av datanettverk, datamaskiner og system for alle einingar i kommunen og elevar i grunnskulen. Vidare har eininga ansvar for å etablere rutinar for å ivareta datatryggleik, personvernopplysningar m.m. NAV Misund er knytt opp til NAV sentralt via NAV Aukra. Avdelinga har ansvar for drifta av dette sambandet.

IKT er ein naudsynt faktor i kommunen sin tenesteproduksjon og alle einingar er avhengig av at dette fungerer godt. Samarbeidet internt i kommunen er avgjerande for at utviklinga går i den retninga som tenesteytar ønskjer, avdelinga har derfor faste møter med einingane for å planlegge utviklinga framover.

Skatt

Avdelinga utfører skatteoppkrevjarfunksjonen på vegne av Skattedirektoratet. Avdelinga fører skatterekneskap, krev inn restansar på skatt, forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift og har ansvar for arbeidsgjevarkontroll. Funksjonen har vore prega av at det har vore ein stor del utanlandsk arbeidskraft i kommunen.

Eigedomsskatt

Avdelinga er sekretariat for skattetakstnemnd og overskattetakstnemnd. Med dette følger oppgåver som utsending av skattesetel, oppfølging av skattekrav, følge opp endringar hos verk og bruk som er eigedomsskattepliktige og andre administrative oppgåver kring utskrivning av eigedomsskatt. I 2009 har det vore gjennomført nye takseringar og klagehandsaming. Endring i eigedomsskattelova sin § 3-3 om endra grunnlinje i sjø vart vedteke i 2009 med verknad frå 2010.

Måloppnåing

Det har vore ei målsetjing for økonomikontoret at god planlegging ligg til grunn for dei vedtak som blir fatta, der konsekvensane er vist både i eit langsiktig og samla perspektiv. Som ein del av denne målsettinga vart det i 2009 vedteke å avsette midlar på fond for disponering til tilskot lag og organisasjonar, ideelle formål og stimuleringstiltak. Målet må arbeidast vidare med i 2010 då ein ser at ein kan gjere fleire tiltak for at administrativ og politisk leiing får betre vedtaksgrunnlag. Vidare har det vore ei målsetting for økonomikontoret å yte tenester på sitt område av høg faglig kvalitet og på ein god måte for våre brukarar. Dette er vanskeleg å måle, men tilbakemeldingar frå einingane og publikum tyder det på at vi i stor grad oppfyller denne målsettinga.

Erna Varhaugvik
Økonomisjef



Pedagogisk rådgjevar, skule og barnehagefagleg ansvarleg



Marianne Bolghaug, pedagogisk rådgjevar

Føremålet med stillinga er på vegne av rådmannen vere kommunen sin representant som skule- og barnehageeigar. Pedagogisk rådgjevar representerar skulefagleg kompetanse over skulenivået og er saksførebuar for sentrale skule- og barnehagesaker.

Ansvarsområdet er rådgjeving og sjølvstendige oppgåver knytt til grunnskulen, inklusiv SFO, og vaksenopplæring, samt kommunen sine interesser vedkomande vidaregåande skule og kommunal barnehagedrift. Pedagogisk rådgjevar har eit særleg utgreiings- og saksbehandlingsansvar for m.a. ressursfordeling i skule / barnehage / spesialundervisning, klagesaker, kompetanse- og kvalitetsutvikling i skule og barnehage, samt skuleskyss.

Pedagogisk rådgjevar er ein stabsfunksjon og gjennomfører mange ulike oppgåver. Kvalitet på resultat av arbeidet har samanheng med samarbeid med einingane Barnebo barnehage, Bergetippen barnehage, Julsundet skule og Riksfjord skule.

SKULE 2009

Statleg tilsyn med grunnskulen.

Hausten 2008 avdekkta Fylkesmannen 3 avvik. Alle avvika vart lukka i 2009.

Notat om skuleeigarrolla

Dokumenterar behov for **kunnskapsbasert dialog** mellom politikarar og administrasjon for å fremje god utvikling og styring av skulen. Vedteke i kommunestyret.

I høve til å få fram ein kunnskapsbasert dialog vart ein rekkje politiske saker lagt fram for politiske utval til handsaming.

Nye retningslinjer knytt til kompetanseutvikling innafor grunnskulen vedteke i administrasjonsstyret sikrar i større grad oversikteleg saksgang.

Plan for kompetanseutvikling utarbeidd for -09.- orientering til livsløpsutvalet. Planen er eit godt styringsreiskap for rådmann og rektorar, og ein føresetnad for tildeling av statlege midlar. Ein lærar på statleg støtta ordning i leseopplæring 9/10. 30 studiepoeng.

Tenesteanalyse skule.

Innhald i rapporten: Ressursinnsats og kvalitet i grunnskulen, sterke og svake sider ved Aukraskulen, samanlikning av resultat (elevane si læring og psykososiale miljø) 2007 og 2008, om resultat er eit utslag av bevisst prioritering i kommunen, og om kvaliteten er god nok på dei einskilde kartleggingsområde. Ambisjonar innafor målt og opplevd kvalitet vart vedteken i kommunestyret.

Tenesteanalyse er eit resultat av at § 13-10 i opplæringslova krev at kommunane skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp verksemda



Nøkkeltal, jmf. Skuleporten, "Tilstandsrapport for grunnskulen" 17/3-10

	Aukra	Kommune- gruppe 1	Nasjonalt
Lærartettleik 08/09 (forhold mellom elevtimar og lærartimar – gir info om storleik på undervisnings-gruppene inkl. spesialundervisning) 1.-7 trinn / 8.-10 trinn	10,6 / 10,7	12,6 / 13,8	13,3 / 14,8
Læringsmiljø – trivsel 08/09 skala 1-5. Høy verdi betyr positivt resultat			
7. trinn	4,1	4,2	4,3
10. trinn	4,0	4,1	4,1
Læringsmiljø – mobbing 08/09 (1-5. Lav verdi betyr lite førekomst av mobbing) .			
7. trinn	1,5	1,5	1,4
10. trinn	1,6	1,4	1,4
Læringsresultat – grunnskulepoeng	37,9	38,9	39,5
Læringsresultat – Nasjonale prøver, haust 2009			
-5. trinn (3 meistringsnivå, tala viser gjennomsnittleg meistringsnivå, nivå 1 er lavast)			
-Engelsk	2,6		2,0
-Lesing	2,2		2,0
-Rekning	2,1		2,0
-8. trinn (5 meistringsnivå, tala viser gjennomsnittleg meistringsnivå, nivå 1 er lavast)			
-Engelsk	3,1		3,0
-Lesing	3,1		3,1
-Rekning	3,2		3,1
Læringsresultat – skriftleg eksamen 2009, snittkarakter			
Norsk hovudmål	3,0	3,4	3,4
Norsk sidemål	3,5	3,3	3,3
Matematikk	3,2	3,4	3,4

SKULE OG BARNEHAGE 2009

Revidert samarbeidsavtale med ppt i Molde framforhandla og vedteke. Avtalen vart revidert etter at Fylkesmannen under tilsyn i 2008 gav avvik på avtala Aukra hadde med PPT i Molde kommune.

Plan for overgang barnehage - skule utarbeidd og politisk handsama.

BARNEHAGE 2009**Barnehagedekning**

I 2009 var det full barnehagedekning etter nasjonal standard.. Politisk nivå var i mars orientert om kommunen sitt ansvar i samband med retten til barnehageplass. Ved hovudopptaket fekk alle barna plass.

Tilsyn med barnehagane.

Utført desember. Tilsynet var heimla i Barnehagelova § 16 om *tilsyn*. Tilsynet tok utgangspunkt i § 2 om *innhald* i barnehagen og § 29 om *politiattest*.



Oppstart av barnehageplan 2010-2016. Plannemnd oppnemnt av Kommunestyre.

Arbeidet innafor skule og barnehage fordrar tett samarbeid med instansar utanfor kommunen, m.a. pedagogisk psykologisk teneste i Molde, utdanningsavdelinga og samferdselsavdelinga i fylket, vaksenopplæringa i Molde, Tøndergård skule og Fræna kommune. I tillegg er Aukra med i ulike skule- og barnehagefaglege nettverk i Romsdal.

Mål for 2010:

- God informasjonsflyt gjennom alle nivå
- frå eining til politikarar og vice versa
- Innarbeide eit aktivt system i høve til skuleeigar sitt ansvar med å følgje opp at krava i opplæringslova vert oppfylt

- Dialogmøte / tilsyn med skulane
- Følgje opp vedtekne mål / ambisjonar i tenesteanalyse skule for 2009
- Tenesteanalyse (tilstandsrapport) Aukraskulen
- Utarbeide felles verksemdsplan for Aukraskulen
- Utarbeide kommunal plan for spesialundervisning skule
- Ferdigstille kommunedelplan barnehage
- Utarbeide tenesteanalyse for Aukrabarnehagen

*Marianne Bolghaug
Pedagogisk rådgjevar
Skule og barnehagefagleg ansvarleg*

Administrasjonsavdelinga



Tilsette ved administrasjonsavdelinga: kontorassistent Håkon Eikebø, sekretær Kari Johanne Todal, formannskapssekretær Anita Otterlei, leiar ass.rådmann Rolf Blomvik, sekretær Monica Eikebø og sekretær Aud Merete Julnes (tilsett i 2010). (Ann Ingeborg Julnes og Siw Pedersen var ikkje tilstades).

Administrasjonsavdelinga dekkjer tre ansvarsområder: fellestenesta, politisk sekretariat og drift av kommunehuset
Avdelings har sju tilsette, fordelt på 4,1 årsverk. Avdelinga vert leia av assisterande rådmann.

Fellestenesta er kommunen sitt første kontaktledd med innbuarane både gjennom sentralbordtenestene, men også ved direkte kontakt i resepsjonen.

Her har ein som mål at alle som kjem til kommunehuset skal kjenne seg velkomne, få ei god mottaking og vert ytt ein god service. Avdelinga yter og tenester for likningskontoret (skjema etc), er informasjonskontor og turistkontor. Fordeling av møter til dei ulike møteromma ligg også her.

Fellestenesta servar særleg sentraladministrasjonen og dei ulike einingane med frankering, postføring og korrekt arkivering. Førstehandsarbeidet med fakturaer, og fordeling av desse til scanning eller direkte til einingar, vert også gjort her.

I tillegg til dagleg arkivet, har denne del av staben ansvar for fjernarkivet som er lokalisert til kommunehuset. Arkivpersonalet vurderer også kva som skal til interkommunalt arkiv



- ✓ *Kommunestyret handsama 136 saker i 10 møte*
- ✓ *Formannskapet handsama 148 saker i 14 møte*
- ✓ *Livsløpsutvalet handsama 65 saker i 7 møte*
- ✓ *Drift og arealutvalet handsama 93 saker i 12 møter*

(IKA), dette er gjerne meir historiske dokument.

Avdelinga er også ansvarleg for opplæring og brukarstøtte på fagsystema i data for sak/arkiv og møtebehandling.

Politisk sekretariat

er i hovudsak fordelt på 2 personar. Dei koordinerer all saksbehandling og politisk møteaktivitet i kommunen, og er til stades på møta i kommunestyret, formannskapet,

livsløpsutvalet og drift og areal, og fører møteprotokollane frå desse mest sentrale styrer og utval.

Kommunehuset er fast arbeidsstad for ca 40 tilsette. Det er tilfredsstillande lagt til rette for funksjonshemma, med flatt inngangsparti, sjølvopnande dør i hovudinngangen og innvendig heis. Kontorteknisk er ein og godt hjelpe med data, audiovisuelle hjelpemiddel og på kopieringssida.

Kompetanseheving.

Det er rimeleg tilgang på korte kurs for dei ulike fagområda (Data, ulike lover, arkivtenester, etc) Ein tilsett i denne del av staben er deltidsstudent ved Høgskulen i Lillehammer, ved studiet Arkiv og informasjonsforvaltning.

Rolf Blomvik

Assisterande rådmann



Utviklingstrekk i Aukra

BEFOLKNING

Folketilvekst

Ved utgangen av 2009 hadde folketallet auka med 14 innbyggjarar til 3.197. Dette tilsvarer ei auke på 0,4 % frå året før. Minkande fødselsoverskotet og tilflytting fører til at folketalesveksten stagnerer

Slik har utvikling i folketallet vore på Gossen og i Julsundet fram til 31.12.09:


pr.31.12.	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Gossen	2399	2387	2388	2387	2415	2421	2424	2422	2437
Julsundet	609	632	648	640	661	679	696	717	722
Uoppgift*)	18	19	19	23	23	42	54	44	38
Aukra	3026	3038	3055	3050	3099	3142	3174	3183	3197

*)personer registrerte som skatteytarar i Aukra men som ikkje har adresse her.

Fødselsoverskot og tilflytting:

År	Fødsels- overskot	Netto - innflytting	Folke- tilvekst
1999	-	17	17
2000	5	-15	-10
2001	19	38	57
2002	-3	15	12
2003	12	6	18
2004	15	-18	-3
2005	16	33	49
2006	18	25	43
2007	14	18	32
2008	10	-1	9
2009	5	9	14

Nøkkeltal frå befolkningsstruktur 2009 (prosent)	Aukra	Fylket	Landet
Menn pr.100 kvinner 20-39 år	107,2	109,4	103,9
Del barn og unge 0-17 år	24,9	21,2	22,7
Del eldre 80 år og over	5,0	4,9	4,5
Del personar med innvandrarbakgrunn, vestleg (2008)	1,0	1,5	2,4
Del personar med innvandrarbakgrunn, ikkje-vestleg (2008)	4,2	3,5	7,2
Befolkning pr.km2	54,4	18,8	16
Andel av befolkning 16 år og eldre m/høgare utd. menn(%)	15	18,4	23,7
Andel av befolkning 16 år og eldre m/høgare utd. kvinner(%)	22,2	23,2	27,3

Befolkningspyramide for Aukra

Befolkningen etter kjønn og alder 1.1.2009 Prosent

Tal frå SSB sin avfallsstatistikk

Avfall i tonn Aukra kommune	2005	2006	2007	2008
Utsortert mengde forbruksavfall	114	0	0	0
Utsortert papir og papp fra husholdningsavfallet	154	209	199	201
Utsortert glass fra husholdningsavfallet	37	38	37	42
Utsortert plast fra husholdningsavfallet	22	27	31	34
Utsorterte metaller fra husholdningsavfallet	14	15	4	17
Utsortert våtorganisk avfall fra husholdningsavfallet	126	192	231	295
Utsorterte tekstiler fra husholdningsavfallet	9	12	11	12
Utsortert mengde farlig avfall fra husholdningene	10	61	12	6
Restavfall (tonn)	353	615	526	466
Restavfall kg.pr.innbygger	136,97	146,68	120,41	117,71

Kjelde: SSB

Sysselsette og pendlarar i Aukra

Talet på sysselsette med arbeidsstad i Aukra har (som venta) gått ned, medan talet på pendlarar ut av kommunen aukar.

	Sysselsette busett i Aukra	Personar som pendlar til Aukra	Personar som pendlar ut av Aukra	Sysselsette med arbeidsstad i Aukra
2008	1670	287	642	1315
2007	1691	369	637	1423
2005	1552	171	622	1101
2003	1497	119	535	1081
2001	1504	139	531	1112

**KOSTRA - utvikling i nøkkeltal dei siste fire år (tal for 2009 er ikkje endelege)**

Dekningsgrad	2009*	2008	2007	2006
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	83,8	83,5	79,1	75
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	5,4	4,3	3,4	2,8
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8,8	8,8	8,9	9
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9	8,8	8,8	8,3
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	95,5	95,5	95,5	95,5
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	22	23,3	21,2	..
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	1,8	1,4	1,2	1,3
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	1,9	2,6	2	1,4
Lengde kommunale veier og gater i km pr. 1 000 innbygger	13,1	13,2	13,2	13,4
Sykel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	113	113	98	108
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	13	12	13	13

Produktivitet/enhetskostnader	2009*	2008	2007	2006
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	147 191	145 531	118 285	102 667
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202, 222, 223), per elev	105 330	91 795	81 717	80 018
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.til 7.årstrinn	10,6	10,6	12,9	12,3
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.til 10.årstrinn	10,4	10,7	12,4	12,4
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av kjernetjenester til hjemmeboende (i kroner)	153 319	149 120	127 241	..
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	728 935	690 804	645 283	628 568
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	139 452	156 548	198 167	109 524

Prioritering	2009*	2008	2007	2006
Nto dr.utg. per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	30 672	31 607	20 409	14 241
Nto dr.utg til grunnskoleopplæring per innbygger 6-15 år	113 302	101 512	87 545	81 958
Nto dr.utg pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	2 343	1 771	1 581	1 328
Nto dr.utg pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	15 667	14 278	13 371	12 416
Nto dr.utg til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	1 490	1 018	930	1 018
Nto dr.utg per innbygger 0-17 år, barneverntjenesten	6 143	5 456	3 100	1 508
Nto dr.utg til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	5 007	5 057	4 249	3 794



Aukra kommune



Årsmelding frå einingane

Riksfjord skole



Spanande oppgåveløysing

Klasseleiing og arbeid mot mobbing har vore felles satsingsområde for skolen i 2009. På ungdomstrinnet har også ny vurderingsforskrift vore eit viktig tema. Fysisk aktivitet vart innført på mellomtrinnet ved skolestart i 2009. Planlegging av nyskolen har hatt stort fokus også i 2009. Nyskolen har fått sin endelege plassering på Falkhytten.

Klasseleiing

Ved Riksfjord skole har arbeidet med å utvikle gode klasseleiing vore hovudtema i 2009. I samband med ny forskrift i Opplæringslova, har 4 lærarar med leiing og personalansvar, følgd ei kursrekke om vurdering ved Høgskolen i Lillehammer.

Felles verdiar og haldningar, felles handlingsmønster og god undervegs-vurdring, har vore nokre av måla våre. Gjennom elevsamtalen har vi øvd oss på å bli gode rettleiarar for elevane våre. Elevane skal få gode tilbakemeldingar slik at dei blir kjent med kompetansemåla, veit kor dei står i forhold til måla, og får forståing av korleis dei skal komme seg vidare mot nye mål.

Arbeid mot mobbing

Kommunestyret har vedtatt at målet for mobbing ved skolane i kommunen skal vere 0-toleranse. Vi har opplevd at mobbing skjer ved skolen vår, og har dei to siste åra hatt klart fokus på mobbe-problematikken. Personalet

- ✓ 316 elevar pr 01.11.09
- ✓ 72 tilsette
- ✓ 11 elevar får spesialundervisning
- ✓ 28 minoritetspråklege elevar
- ✓ 8 vaksenopplæringselevar
- ✓ 40 elevar i SFO
- ✓ 17 lærarar over 55 år
- ✓ To IA-arbeidsplassar

har fått skolering i å observere og kartlegge det sosiale samspelet blant elevane og fått auka kompetansen i å kunne avdekke mobbing. I lag med Julsundet skole har vi hatt kursdag med forelesar frå atferdssenteret i Stavanger. I haust vart det på nytt gjort avtale med atferdssenteret, om kursdag for personalet med tema "Korleis oppdage og stoppe skjult mobbing". I tillegg har personalet lese og drøfta boka "Mobbingens psykologi" av Erling Roland. Skolen har utarbeidd rutiner for korleis vi skal handle når mobbing blir oppdaga. Når mobbing skal stoppast, er det svært viktig at foreldra spelar på lag med skolen. Difor har FAU i lag med skolen, arrangert foreldremøte på kveldstid med same forelesar som har hatt kurs for skolepersonalet. Resultatet av elevundersøkinga viser merkbar nedgang når det gjeld mobbing blant dei eldste elevane våre (8.-10.årstrinn). Måltalet ved skolen i 2008 var 1,3, medan måltalet i 2009 var 1,1. Måltala for fylket og landet låg begge på 1,4 i 2009. Dette er positive tal for Riksfjord, men vi veit at vi framleis har utfordringar lenger nedover i klassane.

Nasjonale prøver

Det var svært gode resultat på nasjonale prøver i 2009 (sjå tabell side xx)

5. årstrinn (3 nivå): Færre elevar på nivå 1 og fleire elevar på nivå 3 enn landsgjennomsnittet i lesing, engelsk lesing og rekning.
8. årstrinn (5 nivå): Færre elevar på nivå 1 enn landsgjennomsnittet i lesing, engelsk lesing og



rekning. Fleire elevar på nivå 5 enn landsgjennomsnittet i engelsk lesing og rekning. Mange elevar, langt over landsgjennomsnittet, på nivå 4 i lesing.

Medarbeidarundersøking

Hausten 2009 vart det gjennomført medarbeidarundersøking. Resultata er blitt framlagt for alle personalgruppene og drøfta i etterkant. Undersøkinga viste ein svarprosent på 79%, noko som var svært positivt. Undersøkinga viste vidare særst positive tal for samarbeid og trivsel med kollegar, der resultatet viste score på 5 av 6 oppnåelege. Likeeins var resultatet 5 på spørsmål om mobbing, diskriminering og varsling i kollegiet. Utfordringane i eininga går på at personalet ser for lite til rektor. Personalet ønskjer i tillegg meir tilbod om fagleg oppdatering.

Personalet

Skolen har gjennom mange år hatt ei stabil personalgruppe. Vi ser stadig at yrkesgrupper som vernepleiarar/ barnevernspedagogar er aktuelle arbeidstakarar i skolen. Personalet ved skolen har høg gjennomsnittsalder, 17 av lærarane er over 55 år og har rett til redusert leseplikt. Denne lesepliktreduksjonen tilsvarar 113% lærarstilling. Ressursen blir tatt frå rammetimane utan at det vert kompensert for denne. I 2009 var sjukefråværet totalt på 9%. I svært liten grad er det registrert jobbrelatert sjukdom.

Foreldresamarbeid

Skolen har eit aktivt FAU som viser interesse for arbeidet ved skolen, bryr seg om elevane og er opptatt av at elevane skal trivast. FAU har vore opptatt av at elevane skal ha variert tilbod i friminutta. Dei har støtta skolen økonomisk ved innkjøp av utstyr til friminuttaktivitetar både ute og inne. Etter oppmoding frå FAU har vi bestemt at det skal gjennomførast to klasseforeldremøte kvart år i staden for eitt.

Vaksenopplæring

Riksfjord skole administrerer vaksenopplæringa på Gossen. I 2009 hadde vi ansvar for tilbodet til 8 vaksne elevar. For nokre av elevane kjøper vi tenester ved

vaksenopplærings-senteret i Molde. Andre får opplæring ved Riksfjord skole.

SFO

På bakgrunn av sentrale retningliner, auka administrasjonsressursen ved SFO i 2009. Elevtalet ved SFO har vore stabilt, om lag 1/3 av elevane i 1.-4. årstrinn har tilbod i SFO.

Økonomi

Budsjettet for Riksfjord skole var i 2009 på kr 31.268.142. Denne ramma skulle dekke drifta av skolen sine fire ansvarsområde, grunnskole, vaksenopplæring, SFO og skolelokale. Årsoppgjeret for 2009 viste eit forbruk på 99 %.

Utfordringar framover

- Også kommande år vil planlegging av nyskolen utgjere ein stor del av utviklingsarbeidet ved skolen. Nå når skolen er plassert og forprosjektet er vedtatt, er det tid for meir detaljplanlegging. Det blir viktig å gi gode råd vidare om alle skolens funksjonar, og sjå til at nødvendig og funksjonelt utstyr og inventar kjem med i dei vidare planane.
- Riksfjord skole er ein av tre skolar i Møre og Romsdal som skal vere med i eit toårig landsomfattande prosjekt, leia av utdanningsdirektoratet. Prosjektet har tittelen "Bedre læringsmiljø" og startar opp i august 2010. Prosjektet har mellom anna fokus på klasseleiing og trivsel.
- Skolen har stort behov for å få auka datarettleiarressursen. Denne ressursen har vore uendra i mange år, medan antal datamaskinar og databrukarar stadig aukar.
- Det er behov for å auke antal elevmaskinar. Ein maskin pr. elev på 10. årstrinnet er eitt av måla. Utdanningsdirektoratet signaliserer at vi i løpet av kort tid vil få elektronisk gjennomføring av eksamen.
- Innføring av leksehjelp på barnetrinnet frå hausten 2010.
- Få til gode opplæringstilbod for minoritets- språklege elevar.

*Inger Åse Bieltvedt Rød
Einingsleiar Riksfjord skole*



Julsundet skole



Matematikk på tvers av klassegrensene. Elevar frå 4. og 6. trinn.

Hovudoppgåva til skolen er å skape gode opplæringstilhøve for elevane våre, slik at dei til einkvar tid skal meistre ut frå evner og føresetnader. Derfor har vi hatt hovudfokus på tilpassa opplæring gjennom å lære elevane ulike læringsstrategiar. I tillegg har vi hatt fokus på god klasseleiing og anti-mobbearbeid blant elevane.

Tilpassa opplæring/ MiLL.

Vi er godt i gang med å lære elevane ulike læringsstrategiar samstundes som vi hjelper dei til å finne ut korleis dei lærer best. På kvart hovudsteg har lærarane vorte samde om faste læringsstrategiar som elevane skal kunne. Når elevane prøver ulike læringsstrategiar, er målet at dei skal finne nokre spesielle som passar best for dei, - og bruke dei vidare i læringsarbeidet sitt.

Eit av måla som var formulert i budsjettet for 2009 var at undervisninga vår skulle føre til at resultatet på nasjonale prøver skulle vise at det er færre av elevane våre på lågaste meistringsnivå enn landgjennomsnittet. Kommunestyret skjerpa kravet då tenesteanalysen for skolane vart handsama. Då vart det også krav om at vi skulle ha fleire elevar enn landgjennomsnittet på høgste nivå. Resultata

- ✓ *Elevar ved skolen. 169, 86 i barneskolen og 83 i ungdomsskolen*
- ✓ *Elevar som får spesialundervisning 20, barneskolen 8, ungdomsskolen 12*
- ✓ *Netto driftsutgifter til grunnskole, per elev 113 302 kr*
- ✓ *Personale 40 personar, 28 av dei er lærarar.*
- ✓ *Sjukefråver 5,4%*
- ✓ *Elevar på SFO 19*
- ✓ *Elevar som grunnleggjande norskopplæring 3*

for 2009 viser at vi i stor grad har oppfylt både eige mål og kommunestyret sitt. Gjennomsnittspoeng for elevane i Aukra samanlikna med landet og fylket kan ein illustrere med følgjande tabell:

	Lesing 5. tr	Rekn. 5. tr	Eng. 5. tr	Lesing 8. tr	Rekn. 8. tr	Eng. 8. tr
Aukra	2,25	2,1	2,6	3,1	3,2	3,0
Fylket	2,0	2,0	2,0	3,1	3,1	3,1
Landet	2,0	2,0	2,0	3,1	3,1	3,0

maxpoeng på 5. trinn er 3,0 og på 8. trinn er 5,0,

Elevane i barneskolen presterer betre enn elevane i ungdomsskolen. Dette gjeld over heile landet.

IKT

I løpet av året har vi fått så mange ein berbar pc pr. andre elev på 9. og 10. trinn. I tillegg har vi nokre stasjonære maskinar i ungdomsskolen og eit trilleskåp med 15 maskinar som elevane i barneskolen og elevane på 8. trinn får dele på.



I løpet av 2010 vil vi prøve å få to elvar pr. datamskinar også på 8. trinn.

Antimobbing.

Parallelt med arbeidet med tilpassa opplæring har vi også fokus på mobbing blant elevane. Personalet har fått boka "Mobbingens psykologi" av Erling Roland. Noko av boka vart diskutert på planleggingstid på skolen. Vi hadde også ein felles planleggingsdag i lag med personalet på Riksfjord med besøk av Svein Størksen frå senter frå atferdsforskning i Stavanger. Seinare var nokre av personalet vårt i lag med nokre frå Riksfjord på eit kurs i Trondheim og hørde m.a. Tove Flack frå senter for atferdsforskning. Ho held foredrag om korleis ein kan avdekke og stoppe skjult mobbing, spesielt blant jenter. I haust hadde vi planar om å få besøk av Tove Flack for at heile personalet ved skolane i Aukra skule få høyre henne, men det vart utsett til etterjulsvinteren i 2010.

Personalet er heile tida skjerpa og tek tak i situasjonar som kan minne om trakassering. Elevar vert samtalt med, og vi tek kontakt heim. Vi ser kor viktig det er med eit godt samarbeid med foreldre. Ved hjelp av god støtte frå heimen, vert dei aller fleste mobbesituasjonane stoppa i starten. Kommunestyret i Aukra har vedtatt at det skal vere 0 mobbing i skolen vår. Det er eit mål vi jobbar seriøst for å nå.

Elevundersøkinga som vi gjennomfører kvart år frå 6. – 10 trinn seier noko om elevane kjenner seg mobba på skolen.

Elevundersøkinga som vart gjennomført våren 2009 viser måltal på mobbing på 1,47 (dvs. ein tilbakegang på 0,2). Dersom det er 0 mobbing i skolen, skal måltalet vere på 1,0. Vi har tatt resultatet frå elevundersøkinga på alvor og gripe tak i det vi veit om mobbing utover året. Derfor håper vi at elevundersøkinga i 2010 vil vise eit lågare tal enn i 2009.

Regjeringa har vedtatt eit nasjonalt manifest mot mobbing, og vi hadde planar i haust om å få med politikarar, foreldre og elevar til å underteikne eit lokalt manifest mot mobbing. Pga mykje anna aktivitet, fekk vi ikkje det til, så det vart også utsett til etterjulsvinteren 2010.

Personalet

Vi har eit samla personale på om lag 40 personar. Grunnen til at det er ei stor auke frå i fjor, er at vi har 4 personar ute i foreldrepermisjon, og då er det sett inn vikar for dei.

Målet for sjukefråver var at vi skulle vere på om lag 4,5%. Vi greidde det ikkje heilt og endte på 5,4 %. Det positive ved sjukefråveret, er at ikkje noko av det er jobbrelatert.

Medarbeidarundersøking.

I 2009 vart det gjennomført medarbeidarundersøking i heile kommunen. Medarbeidarane fekk ulike spørsmål å svare på og skulle gradere svara frå 1 – 6, der 6 var det beste. Heilheitsvurdeinga for personalet i Julsundet ligg på 4,8, medan landsgjennomsnittet er på 4,5. Elles kan ein nemne at personalet scorar høgt på trivsel (5,5) og stoltheit over eigen arbeidsplass (5,0). Vi har utfordringar og forbetringspotentiale innafor tema som organiseringa og tilrettelegging av arbeid(4,4), fysiske arbeidstilhøve (4,2) og næraste leiar sin tilbakemelding til personalet på den jobben dei gjer (4,0).

Ved gjennomgang av medarbeidarundersøkinga kom det fram at personalet m.a. ønskjer:

- meir plass, dvs. større skole
- meir effektiv bruk av fellestid på skolen.
- tilbod om r-elevant og matnyttig kompetanseheving.
- at rektor er endå meir til stades på skolen.

Tankar om 2010.

- Lokal læreplanar, m.a. i IKT og sosial kompetanse
- Utvide dataparken, slik at også elevane på 8. trinn kan vere 2 elevar om ein PC.
- Vi står framfor ei stor utfordring i lag med plannemnda for utbygging av skole og barnehage og finne gode løysingar for vidare utbygging. Vi må også finne ei løysing nokså fort på å auke plassen for småskolen allererie frå hausten 2011.

Svein Løwe

Einingsleiar Julsundet skole



Barnebo barnehage



Unge forskarar p skogstur for å studere insekt

Når vi ser tilbake på 2009 huskar vi godt gode og konstruktive drøftingar på personalmøter. Refleksjon kring eiga rolle og ansvar i ei stor personalgruppe, med eit viktig samfunnsoppdrag, har vore nyttig og utviklande for samarbeidet og trivselen på Barnebo. Vi har slik satt fokus på det gode kollegaskapet.

Sjuefråveret gjekk ned

Nærværet i personalet er auka. Ved å gjennomføre målretta tiltak har vi i 2009 ein nærværprosent vi er godt nøgd med. Arbeidet krev kontinuerlig fokus.

Rekruttering og kompetanse

Utfordringa i 2009 har vore å få førskulelærarar til svangerskapsvikariat. Ved årsskiftet hadde vi 3 konstitueringar. Det positive er at førskulelærarane kjem att når permisjonen er ferdig. Vi lukkast ikkje å få lærling i barn- og ungdomsarbeiderfaget.

Fleksibilitet ressurskrevjande

Alle som har søkt plass har fått tilbod innan rimeleg tid. Ved å bruke Aukrahallen var det mogleg. Ein ser at å vere organisert på 4 hus gjer at vi får utfordringar med samarbeid og oppfølging av medarbeidarar. Pedagogiske leiarar har ikkje auka administrasjonstid sjølv

- ✓ Nærværprosent på 90,9 % i 2009.
- ✓ 123 barn i august, 127 barn i desember.
- ✓ 3 konstituerte fagarbeidarar i pedagogisk leiar -stilling.
- ✓ Medarbeidertilfredsheit (skala fra 1-6)
Samarbeid med kollegaene 5,4
Fagleg og personleg utvikling 4,6
Fysiske arbeidstilhøve 4,2
- ✓ 1000 kr pr. medarbeider til kurs / kompetanseheving.

om ansvar og avstand til einingsleiar har vokse dei siste åra. Å tilby barnehageplass innafør ei rimeleg ventetid, samme kor tid ein søker, gjer at vi taper statstilskot og foreldrebetaling. Ein må framover gjere ei vurdering på om ein skal kutte ned på antal plassar, og ikkje ha ledig kapasitet ved nytt barnehageår. Ein vil då ikkje ha anledning til å tildele plassar til nye søkjarar før nokon vert 3 år, og frigjer ein plass.

Full barnehagedekning

Alle med lovfesta rett fekk plass ved hovudopptaket.

Målretta kvalitetsarbeid

Mellombels drift i Aukrahallen er fagleg godt. Tilbodet er variert, med fokus på friluftsliv og fysisk aktivitet. Personalsamarbeidet er bra. Det fysiske arbeidsmiljøet er utfordrande. Harde golv, og lange avstandar gjev ekstra belastning på fotar og ryggar. Slik lokala er utforma byr dei på mykje støy, sjølv om vi har gjort nokre førebyggjande tiltak.

Temperaturreguleringa på vinteren er heller ikkje tilfredsstillande slik den er i dag.

I løpet av året har Barnebo gjennomført to fokusområde for å utvikle kvaliteten i det pedagogiske arbeidet. Tema var : *Leik ute og tilvenjingstida.*

Vi har gjennomført fleire personalutviklingsarbeid, bl.a retta mot voksenrolla i det



pedagogiske arbeidet i barnehagen og mot arbeidsmiljø, samarbeid og trivsel. Det ser vi resultat av i kvardagen.

Foreldra vart, gjennom felles foreldremøter og foreldreråd, involvert meir med omsyn til innhald og planer.

Kursmidlane har vore brukt til fagleg oppdatering og utvikling, og opplæring innen brannvern, førstehjelp og ergonomi.

Betra informasjon og dokumentasjon

Vi gjennomførte fleire evalueringsarbeid og skreiv ein fagrapport frå fokusområde. Gjennom ”fokusveggen” i garderobene vart foreldra kjent med innhald og arbeidsmåtar i kvar periode. Garderobene har skjermar som viser bilete og film frå barnehagedagen. Særleg for dei mange framandspråklege foreldra vi har, er dette ein god måte å bli kjent med barnehagen på.

Vi brukte systematisk møtepunkta våre for å sikre mest mogleg effektivt og godt informasjons- og utviklingsarbeid. Pedagogisk leiargruppa var sentral for å samkøyre kvalitetsarbeidet på Barnebo.

Vi tok i bruk epost for å sende informasjon og planer til foreldra. Epost er og eit godt virkemiddel for intern informasjon til medarbeidarane. Heimesida vart kontinuerleg oppdatert. Her la vi ut det foreldre og andre interesserte har behov for av informasjon.

Ein god plass for medarbeidarane

Vi har brukt tid til refleksjon kring eiga rolle på arbeidsplassen, og hatt fokus på samarbeid og arbeidsmiljø på personalmøter. Resultatet frå medarbeiderundersøkinga viser at utviklingsområder vi har jobba med, gjev gode resultat.

Vi fekk betre score enn i 2007 på alt som har med innhald i jobben, samarbeid, trivsel, organisering og fagleg og personleg utvikling å gjere. Forbetningsområder som peikar seg ut

er; fysisk arbeidsmiljø, tilbakemeldingar frå leiar og kjennskap til varslingsrutiner. Svarprosenten var representativ på 79 %.

Kort om økonomi:

Den økonomiske ramma var på 4 369 000. Pensjonskostnadane var høgare i år enn i fjor, noko som slo noko negativt ut på sluttresultatet.

Vi fekk ei ekstra inntekt på driftstilskot. Desse vart avsett på fond.

Utgiftene til kost skal vere i balanse med inntektene, da både barn og personale betalar kost kvar månad. Dei 2 siste åra har det vore eit lite overforbruk, på tross av sparetiltak. Ein ynskjer å tilby god og sunn mat, og kostprisen har ikkje vore auka på mange år. Det vert derfor lagt fram sak for Samarbeidsutvalet i barnehagen i 2010, om å auke satsen.

Utfordringar for eininga framover:

Målretta kompetanseutvikling: - Vi treng fleire fagarbeidarar og førskulelærarar.

Permanente lokaler til alle avdelingane med nok kapasitet til å oppfylle rett til barnehageplass. Forbetring av det fysiske arbeidsmiljøet. Stabilt nærvær, med nok og kompetente medarbeidarar.

Hanne Skarshaug

Einingsleiar Barnebo barnehage



Bergetippen barnehage



Borna frå Bergetippen studerer fiskedisken

I 2009 har arbeidet i Bergetippen vore prega av slutføring av prosjekt knytt til utviding til fire avdelingar. I personalarbeidet har vi hatt fokus på trivsel og god samhandling. Eit godt arbeidsklima i personalet verkar inn på det pedagogiske arbeidet med barna. I tråd med dette har vi valt ny visjon : "Trivsel for alle." Målet vårt er å utvikle det gode grunnlaget vi har , - og så ser vi fram til utbygging og betre lokale.

Ferdigstillinga av nye avdelingar tatt tid

I januar 2009 hadde dei to nye avdelingane i Bergetippen vore i drift i tre månader. I vårsemesteret gjekk det mykje tid til å utstyre nye avdelingar og finne gode rutiner for nye barn og nytt personale. Det gjekk også mykje tid til opparbeide og utstyre nytt uteområde. Målet var at alt dette skulle vere ferdig til nytt barnehageår august 2009, men hausten måtte også brukast til dette. Vi har hatt store utfordringar i høve til å få uteseksjon / vaktmeistrar til hjelp når vi har hatt bruk for det. Ved årsslutt er det aller meste på uteområdet på plass. I høve til etablering av brakke/paviljong, manglar vi enno overbygg til vognplass for småbarnsavdelinga og rullestolrampe på paviljongen. Ved opptak til nytt barnehageår hadde Bergetippen fleire ledige plassar. Det vart tildelt plass for eit år om gongen til 4 barn frå nabokommunar.

- ✓ 54 barn på 4 avdelingar august 2009
- ✓ 55 barn ved årsskiftet 09/10
- ✓ 20 i personalet
- ✓ Sjukefråvær 1.halvår 4,6 %
- ✓ Sjukefråvær totalt 8,7 %

Personalet – fokus på trivsel, teambygging og kompetanse

Personalgruppa i Bergetippen utgjer 20 personar. I tillegg har vi tilkallingsvikarar som ikkje er så stabile som vi skulle ønske. Sjukefråværet varierar, men har gått ned i høve til 18,3 % første halvår 2008. I Bergetippen har vi hatt fokus på godt arbeidsmiljø og gode rutiner for å samkøyre eksisterande og ny personalgruppe og auke nærværet. Personalsituasjonen har stabilisert seg. Vi har ei forholdsvis ung personalgruppe, der ein del sjukefråvær er relatert til svangerskap.

I desember vart det gjennomført medarbeiderundersøking. På alle områda hadde Bergetippen klart høgare score enn både forrige undersøking og landsgjennomsnittet. Vi scora høgast (5,7) å området samarbeid og trivsel, og såg at område vi har hatt fokus på i personalgruppa viste positivt igjen i undersøkinga. Gjennom arbeid i nærværprosjektet til Aukra kommune har Bergetippen også arbeidd med gode tiltak for å auke trivsel på arbeidsplassen I løpet av hausten hadde Bergetippen fire dagar med ekstern rådgjeving i høve til teambygging, rolleavklaring og leing, for å styrke og bygge "nye Bergetippen".

Hausten 2009 arrangerte barnehagane i Aukra felles kurs for nettverket med helsestasjonar og barnevernsteneste, med auka kunnskap om samtalar med barn i vanlege og vanskelege livssituasjonar.



I 2009 begynte ei av våre tilsette på arbeidsplassbasert førskolelærerutdanning i Volda. I tillegg går tre av assistentane på kveldsundervisning for å utdanne seg til barne- og ungdomsarbeidarar. Dette er med å heve kompetansen i personalgruppa vår, i samsvar med Stortingsmelding nr.41, kvalitet i barnehagen, som vektlegg kompetent personale som den viktigaste kvalitetsindikatoren.

Pedagogisk arbeid

Prosjekt "Fiskesprell"

Dette året har Bergetippen hatt eit prosjekt kalla "Fiskesprell". Målet med alle aktivitetar i "Fiskesprell" er å motivere til auka bruk av sjømat og sunnare kosthald i barnehagen. Dette er organisert gjennom God helse-programmet i Møre og Romsdal fylke. Temaet har fenga både barn, vaksne og foreldre, og vert vidareført også neste år. Prosjektet vårt har vore presentert både i Romsdals Budstikke og Spor – fylkesmagasinet for Møre og Romsdal.

Godt samarbeid barnehage - skole

Kommunal plan for samarbeid barnehage-skole vart innført i 2009 og lagt til grunn i arbeidet med 5-åringane. Planen inneber at mykje av tidlegare arbeid er skriftleggjort, i tillegg til at det er utarbeidd retningslinjer og samtykkeskjema for utveksling av informasjon omkring det enkelte barn. I Julsundet er det eit nært og godt samarbeid mellom barnehage og skole, der 6. klassingane kjem og les for 5-årsgruppa. Dei møtest ofte ute og er saman på turar og i frileik, og barnehagen vert invitert til å vere med på ulike konsertar og framsyningar.

Kultur og friluftsliv satsingsområde

I løpet av dette året starta Bergetippen arbeid med val av ny visjon og utarbeiding av logo for barnehagen. Vi bestemte også at satsingsområda våre skal vere kultur og friluftsliv. Vi har unike muligheter for friluftsliv i variert natur, og ønskjer å kombinere dette med kunst- og kulturuttrykk både inne og ute. Her vert den nye "snekkarboda" vår viktig i høve til tilrettelegging for kreativitet og barna sin medverknad.

I løpet av hausten vart Aukrabarnehagane valt til å vere med i Møre og Romsdal fylke sitt pilotprosjekt "Kulturekk for barnehagar". Dette trur vi vil gi ekstra inspirasjon til arbeidet med satsingsområda våre. Vi er i gang med eit omfattande arbeid med ny årsplan som skal omtale satsingsområda og det pedagogiske arbeidet i høve til desse. I løpet av våren kom heimesidene til Bergetippen i drift og eit viktig mål vart nådd gjennom det.

Økonomi og budsjett

Budsjettramma for 2009 var 2.537.220.

Forbrukt ramme var 2.900.268. Vi har hatt størst overforbruk på vikarutgifter/ferievikarar. Utgifter til matvarer ligg også godt over det som er budsjettert. På inntektsida er berre 66% av budsjetterte refusjonar frå staten kome inn. Dei nye avdelingane og nytt personalrom er no utstyrte i høve til ønska standard.

Bergetippen har hatt ein ekstra sum på 250.000 til utstyr av to nye avdelingar og opparbeiding og utstyr til nytt leikeområde. Det er noko overforbruk på desse prosjektmidla i høve til uforutsette utgifter til maskinleige og bruk av ekstern arbeidskraft til drenering, rydding og opparbeiding av uteområde. Prosjektet er avslutta 2009.

Utfordringar framover

Måla for 2008 er nådd gjennom vidareutvikling av friluftsgruppe og ferdig opparbeida uteområde.

Vi har også hatt fokus på arbeidsmiljø og trivsel og opplever at Bergetippen har hatt god utvikling på dette område. Plassering av nybygg på Bergetippen er enno ikkje avklart.

I 2010 vil vi :

Utvikle barnehagen som arena for lokal og nasjonal kultur.

Halde fokus på trivsel og nærvær.

Arbeide med barnehagen sin identitet gjennom nye satsingsområde, visjon og logo.

Arbeide for at utbygginga gir gode løysingar for personalet, barn og føresette.

Investere i digitale skjermar til dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet

Berit Drejer

Einingsleiar Bergetippen



Oppvekst og kultur



Skateanlegg vart satt opp på Falkhytten og på Julsundet. Mange ivrige medhjelparar møte opp for å hjelpe til når skaterampene skulle settast opp.

Det førebyggjande arbeidet har vore felles satsingsfelt i OKU. Sjølv om eininga har eit breitt spekter av tenester og åtskilte ansvarsområde har vi samla oss om at alle aktivitetar ha fokus på det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet. Aktivitetar i Kulturminneåret, MOT, integreringsarbeid, barneverns-arbeid, friluftslivstiltak, God Helse, samt tilbod innan Kulturskole og folkebibliotek er eksempel på slik arbeid.

Engasjement om idrett, aktivitet og friluftsliv

To nyoppretta fond har gjeve lag og organisasjonar gode moegelegheiter til å kunne realisere prosjekt i nærmiljøet. Velforeiningane som står for viktige trivselstiltak i nærmiljøet er ein god samarbeidspart, både som arrangør av kulturminnevandringar og som tilretteleggar av turstiar og rasteplassar. Dei viser eit stort og viktig engasjement. Eit flott toalettanlegg er sett opp på Horrem i samarbeid med Horrem Grendalag. Ein fornya søknad om spelemidlar vart sendt inn frå Aukra kommune. Ny kunstgrasbane sto ferdig i august. Stillinga som Folkehelsekoordinator vart frå 1. januar fast stilling og markerer at kommunen har folkehelse som eit viktig satsingsfelt. Tilbodet Aktiv på Dagtid vart utvida for ei større brukargruppe og med fleire tilbod.

- ✓ 62 ungdommar frå 5 kommunar var samla til MOT-leir på Aukra i juli
- ✓ 10590 utlån på folkebiblioteket tilsvarar ei auke på 9,23%
- ✓ 2 nyoppretta fond for tilskot til frivillige lag og organisasjonar gir nye moegelegheiter
- ✓ Auke i elevplassane vedi kulturskolen frå ca. 220 i 2008 til ca. 240 i 2009

Aukra i Kulturminneåret

Politisk vedtak om å utarbeide kulturplan for Aukra vart fatta og blir eit utfordrande arbeid fram mot ferdigstilling i 2010, med innspel frå kommunens innbyggjarar.

Kulturminneåret fekk stor oppmerksomheit og mange aktivitetar vart gjennomført. Aukra fekk vere pilotkommune i prosjektet

Kulturminneatlas og sogenemnda har hatt ansvaret med digitalisering av alle kulturminne i kommunen. Blant aktivitetane var Kulturkafe for eldre, månadens kulturminnebilde på kommunen si heimeside, utstilling av dagleglivets kulturminne på biblioteket, markering av nytutgivelsen av "Folkeminne frå ytre Romsdal" og markering av Kulturminnedagen. Gossen

Krigsminnesamling vart opna igjen etter å ha halde stengte dei fire siste åra. Aukradagen vart arrangert for andre gong med stor oppslutning.

Arbeider for omorganisering av barnevernstenesta

Tenesta har sidan midten av august hatt til saman full bemanning av dei to stillingane. I tillegg har ein i periodar hatt ein person på arbeidstiltak via NAV. Ei utfordring for dei tilsette har vore å behandle undersøkingane innan oppsette fristar på grunn av bemanningssituasjonen.



Ein ser resultat av ei prioritert satsing på samarbeidet med andre tenester i kommunen, både gjennom fleire henvendingar og nye meldingar. Den største utfordringa er å kome inn i saker på eit enno tidlegare tidspunkt for å kunne arbeide førebyggjande.

Det har vore nødvendig å bruke lengre tid på prosessen med å utrede sak om organisatorisk løysing for barnevernstenesta. Med ledige lokalar i Helsecenteret har det vore naturleg å gjere vurderingar av eit tettare samarbeid med helsestasjon, jordmor og psykiatrisk sjukepleiar. Arbeidet leggst fram til politisk handsaming i 2010 og blir også sett i samanheng med renovering av helsecenteret. Forslag til avtale med Molde kommune er utarbeid og blir vurdert opp i mot dei lokale løysingane.

Biblioteket ein aktiv formidlar av kultur og litteratur

Utlånet viser fortsatt ein god vekst. Med eit utlån på 10.590 bøker og anna materiale utgjør det ei auke på heile 9,23%. Besøkstala viser også ei auke på 25% når om lag 7000 personar har vore innom. Arbeidet med å registrere skolebiblioteka sine samlingar i bibliotekprogrammet Micromark er ferdigstilt. Skolane fylgjer opp dette arbeidet vidare, men kan bruke biblioteket for råd og hjelp. Fem skolegrupper frå Riksfjord har vore på besøk. Fleire årstrinn låner depot med bøker til bruk i t.d. leselystprosjekt, - ei fin løysing der samlingane vert betre utnytta og elevane får meir å velje i. Avdelingar ved barnehagane har hatt til saman fire lesestunder på folkebiblioteket.

Ulike tilstellingar er arrangert gjennom året og lag og organisasjonar låner lokala til møter. Biblioteklokala har gjennomgått ei renovering, med nytt golv, varmpumper og lesesalen er pussa opp. Marknadsføring overfor framandspråklege i kommunen er prioritert fordi ein ønskjer å gi dei eit godt tilbod. Besøkstala på barnetimane har vore god. Dei tilsette legg kontinuerlig ned mykje arbeid for å ha ei levande og aktuell samling.

Integrering av flyktningar i Aukrasamfunnet

Ved utgangen av året budde til saman 4 vaksne og 6 barn i alderen 2-16 år i Aukra. I løpet av året flytta to familiar, til saman 4 vaksne og 9 barn frå Aukra. 4 vaksne har flytta til kommunen. To av desse går inn under vedtaket om å busette 15 flyktningar i 2009. Det har vore ei stor utfordring å gjennomføre busetjing i samsvar med vedtaket fordi det er stor mangel på kommunale bustader. Eininga må arbeide vidare i 2010 for å legge til rette for at kommunen kan innfri vedtaket frå 2008. Ungane er godt integrert både i skole og på fritida, men integreringa av dei vaksne i lokalsamfunnet tek tid. Kvinneteff er eit godt tilbod og dei var også aktive med på Aukradagen med hårfletting, hennamaling og mat frå landet sitt. Mennene har hatt mogelegheit til å delta på fotball.

Engasjerte ungdommar og foreldre på fritidsklubbane

Aukra var vertskommune for den årlege MOT-Sommarleir, då 61 ungdommar frå fem kommunar var samla på Riksfjord første veka i juli. Ungdomsarbeidar har rolle som tilretteleggar og sekretær for ungdomsrådet. Ungdomsrådet har ansvar for å arrangere UKM, dei deltek aktivt i gjennomføringa av Aukradagen, TV-aksjon og i kommunen sitt MOT-tamburin team. Dei har og bidrege med uttale til politiske saker og hatt representantar i som har delteke i planarbeid. Utfordringa er å gi ungdomsrådet ei tilfredsstillande opplæring. Open Hall har hatt ei positiv auke i deltakinga av eldre ungdom og har hatt eit godt samarbeid med GIL som har stilt opp med instruktørar. Ungdomsklubbane på Julsundet og Gossen har engasjerte foreldre og ungdommar som tek seg av den daglege drifta. Klubblokala på Julsundet har hatt innbrot to gonger, den siste gongen medførte at klubben vart stengt. I tillegg til MOT-Skoleprogram, er det arbeid for å få til samarbeid på fritidsarenaen om haldningsskapande arbeid retta mot ungdom.



Kulturskolen

Elevplassar i kulturskolen hadde ein auke frå ca. 220 i 2008 til ca. 240 i 2009. I tillegg samarbeider kulturskolen med bl.a. barnehagane, grunnskolane og det frivillige kulturlivet og når slik eit stort tal av kommunens innbyggjarar utover kulturskolen sine egne elevar.

Av arrangement kulturskolen har hatt ansvar for/delteke i, kan nemnast nokre få: arrangør og deltakar på utescena Aukradagen, Kulturskoleveka, deltakarar på ulike lokale arrangement m.a. Gossetrøkk. Samarbeider med Aukra folkebibliotek om ulike arr. m.a. eventyrstunder.

Kulturskolen er inne i 2 året (av totalt 3) som deltakar i Kulturskolefokus 3 som er eit utviklingsprogram i regi av Norsk kulturskoleråd. Programmet har som siktemål å utvikle kulturskolen til eit kunst- og kulturfagleg ressurscenter i kommunen i tråd med St. meld. nr. 38 og 39 og Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007 – 2010.

Aukra kulturskole deltok i Norsk kulturskoleråd sitt utvekslingsprosjekt UMOJA – cultural flying carpet. 3 elevar samt rektor for kulturskolen var 10 dagar i Maputo, Mosambik på ”camp”, der musikk og dans samt kulturforståing hadde hovudfokus.

Resultat frå medarbeiderundersøkinga:

Medarbeiderundersøkinga viser at dei tilsette i OKU trivest saman med kollegaene, er tilfreds med å jobbe sjølvstendig og med innhaldet i jobben. Svara viser at utstyr for å få gjort jobben tilfredsstillande har ein merkbar

nedgang. I tillegg viser undersøkinga at andelen som svarar på om ein har nok tid til å utføre jobben, samt svar vedr. fysiske arbeidsforhold har gått ned. Dette heng truleg saman med ei merkbar auke i både forventningar og aktivitetsnivå innafor dei ulike fagfelte. Med auka aktivitet er det viktig å ha tilfredsstillande fysiske arbeidsforhold og utstyr tilgjengeleg. I tillegg er det ei utfordring å redusere gapet mellom forventningane til OKU sine kundar og våre egne forventningar.

Økonomi:

Budsjettet ramme for Oppvekst og Kultur er kr. 12.259.825,- inkl. korrigeringsramme ved 1. tertial der det vart korrigert for tilskot til GIL med kr. 96.000,- og 2. tertial med lønnsauke inkl. pensjon og sosiale kostnader kr. 69 000,- og einskiltvedtak innan barneverntenesta, kr 1 250 000,-. Regnskapet viser eit årsresultat for eininga på kr. 12.824.953,-. Det er fleire årsaker til at eininga har hatt eit overforbruk; Premieavvik for eininga utgjer ein vesentleg del. Barneverntenesta har ei merkbar auke i forsterka tiltak, i tillegg har ein enkeltvedtak som ikkje gir rett til refusjon frå staten. Kulturskolen har hatt eit meirforbruk som følgje av kjøp av tenester i form av lærartimar frå andre kommunar og Operaen i Kristiansund.

*Anne Jorunn Sandøy
Einingsleiar OKU*



Pleie og omsorg



Den nye kantinedisken på Aukraheimen

Målsettingane i budsjettet for 2009 har vi nådd, og alle har fått hjelp etter behov. Den enkelte har fått heimesjukepleie og heimhjelp i høve målsetting, sjølv om saksvedtaka ikkje har vore utsendt innan fristen. Ikkje planlagt heimesjukepleie i Julsundet på natt og sein kveld, har vi imøtekomme ved at tilsette med bustad i Julsundet har rykka ut på fritida si. Ved Sjukeheimen har alle med behov fått plass, Vi har i periodar hatt ledige plasser ved Aukraheimen. Belegget har vore på 99,5 %.

Reduksjon av sjukefråværet

Frå 11,6 % i 2008 til 7,8 % i 2009

Vi arbeider med prosess på nærvær - langtidsfrisk, og har fokus på kva som gjer at folk er i arbeid. Gruppearbeid frå fire grupper blir lagt fram i 2010. Dette er ein kontinuerlig prosess.

Medarbeidarundersøking

I desember 2009 gjennomførte vi medarbeidarundersøking med sprikande resultat for dei forskjellige avdelingane. Alle avdelingane scorar lavt på overordna leing (3,7) og system for lønns og arbeidstidsordning (3,7). Tilsette skal i ettertid arbeide med resultatata og lage handlingsplanar for den enkelte avdeling.

- ✓ *Dagopphald:26/ Teletun psykdagsenter:10*
- ✓ *19 personar mottek omsorgsløn*
- ✓ *64 heimebuande har trygghetsalarm (inkl. 11 private)*
- ✓ *104 personar mottek hjelp i eigen heim*
- ✓ *Bergtun har 9 bebuarar, Aukraheimen 44.*
- ✓ *Utg.pr brukar i institusjon kr 728 935 (M&R kr 770.068/landet kr 810.677)*
- ✓ *Utg.pr brukar heimeteneste kr 153 319 (M&R kr 181.367 landet kr 172.746)*
- ✓ *128 enkeltvedtak i inntaksnemda, av desse 12 avslag*

Kompetanse/Rekruttering

Pleie og omsorg har fått auke i sekretærfunksjonen med 25 % i 2009. Vi får kvalifiserte søkarar til faste stillingar. Til vikariat er det ikkje alltid vi får kvalifiserte søkarar. Pleie og omsorg har mange eldre arbeidstakarar, og vi har ei utfordring med å få unge til å utdanne seg innan omsorgsyrka. Vi har fire ledige læreplassar og Aukra kommune vil tilby stipend til nye lærlingar.

Tiltak i høve rekruttering og kompetanseheving:

- Vi har godt samarbeid med NAV. Vi tek inn personar på språkopplæring og på arbeidsutprøving. Vi ser dette som ein vinn – vinn stiuasjon; vi får ekstra bemanning og dei får erfaringar og kompetanse. Vi har i dag 3,5 stillingar inne gjennom NAV, noko som medfører auka ressurs i avdelingane.
- Vi ser positivt på å ta imot elevar og studentar som har behov for praksisplass.
- Sommaren 2009 tok vi inn unge arbeidstakarar som ferievikarer frå 15- 17 år. Desse gjekk ”på topp” og fekk oppgaver ut frå alder og kvalifikasjoner. Vi trur dette vil gjere at nokre av dei vil utdanne seg innan helse og omsorg, og komme tilbake til oss. Vi kjem til å vidareføre dette tiltaket i 2010.



- Assistentar får tilbud om å ta fagprøve gjennom eit tett samarbeid med Fræna vidaregåande skole. Talet på ufaglærte er på denne måten redusert
- Pleie og omsorg har hatt stand på Aukradagen der vi profilerer oss i håp om at nokon ønske å utdanne seg til arbeid innafor omsorgsyrka

Arbeid for å redusere deltid

- Ledige stillingar fordeler vi mellom dei som ønsker høgare stilling, så langt drifta tillet det. Til ledige helgestillingar har vi mange elever frå vidaregåande og studentar.
- Vikarpool; hjelpepleiere har fått fast 50 % stilling mot at dei arbeider der det til einkvar tid er bruk for dei.
- Faste samarbeidsmøter mellom avdelingsleiarar og tillitsvalde.

Kartlegging av uønska deltid:

Stillings. %	0 - 24	25 - 49	50 - 75	76 - 99	Ønsk a St % 75-99	Ønsk a st % 100
Utdanning						
Assistent/ heimehj		1	3		4	
Fagarbeider (Hjpl.,kokk etc)	1	4	11		11	5
Sjukepl/ vernepl			1	1		2

Aktivt år på Teletun

Teletun dagsenter psykiatri har hatt fokus på aktivitet dette året, med utedag og tur på fredag, og aktivitetar inne på tirsdag; potet-skrelling til Coop og lysstøyping bl.a. Det var ope hus på Teletun på Psykiatridagen 10.okt. Frå 2010 er Teletun dagsenter psykiatri samorganisert med psykiatrisk sjukepleier og organisert under Eining for helse.

Omsorgsplan 2020

Omsorgsplana vart vedteke i k-sak 133/09. Det var eit stort arbeid som involverte breitt. I 2010 skal vi utarbeide handlingsplanar i tråd med vedtak.

Funksjonelt kjøkken på Aukraheimen

Nytt kjøkkenet på Aukraheimen var innflytta i juni 2009. I utbyggingsperioden frå januar til juni 2009 vart kjøkkenet drifta frå Soltun. Kjøkkenet er nytt og funksjonelt. Det vert arbeidd med ventilasjonen som ikkje fungerer slik den skal. Kantinedisk i tilknytning til kjøkkenet er eit flott trivselstiltak både for tilsette og bebuarar/pårørande.

Gåvekonto

PLO får mange minnegåver i høve gravferder. I 2009 har noko av desse gåvene blitt brukt til nye sangbøker og til turar for bebuarar og dagpasientar

Andre tiltak i 2009

- Svineinfluensa gjorde at vi reviderte Smittevernplana. Vi ser at plana fungerer og stopper smitte td i høve tilfeller av Norovirus
- Ny leiligheit ved Bergtun, oppstart desember 2009 – ferdig mai 2010
- Nybygg lager hjelpemidler oppstart 2009 – ferdig medio 2010
- Det økumeniske bærerommet på Aukraheimen er pussa opp og fått nye møblar.

Økonomi:

Budsjettet ramme for 2009: kr 45 664 000,- som skulle dekke drifta av Aukraheimen, Heimetenesta, Bergtun og Teletun.

Utfordringar/målsetting for 2010

Utarbeide handlingsplanar til Omsorgsplana i tråd med kommunestyrevedtak.
Ferdigstille prosjekt avlastning / støttekontakt
Bygge avlastningsbustad
Ha plan over akutt natt-teneste i Julsundet
Lage kompetansehevingsplan for PLO
Arbeide vidare med prosess "Langtidsfrisk"
Alle tilsette skal ha medarbeidersamtale

Åse Breivik

Einingsleiar Pleie og omsorg



Helse og sosial



Dr. Riiber 17.mai

Sosialtenesta vart overført frå Helse og sosialtenesta til NAV Aukra 25.11.09. Avlastningsbustaden blei overført til PLO og dagsenter for psykiatri til helsetenesta frå årskiftet 2009/2010. Kommunestyret gjekk inn for at Aukra kommune skulle legge inn anbod på ambulanse og legeskyss tenesta dei neste 10 åra og Aukra kommune fekk tilbod om vidare drift av ambulansebåten dr. Riiber. Massevaksinasjon av befolkninga mot svineinfluensa blei gjennomført.

God vaksinedekning

Noreg var trua av ei pandemi med svineinfluensa og i den samband vedtok kommunestyret ei ny pandemi plan. Aukra kommune fekk utdelt vaksiner til massevaksinasjon, og som blei gjennomført så raskt vi fekk tilgang til vaksiner. Vaksinedekninga i befolkninga blei tilfredstillande høg takket vere eit godt samarbeid mellom tilsette ved legekantoret, helsestasjon og pleie og omsorgstenesta.

Kommunefysioterapeut mottek fleire hjelpemiddelsøknadar til barn

Tenesteproduksjonen for 2009 er nokså lik for 2008, med ein stor auke i talet på hjelpemiddelsøknadar til barn. Det er bevilga pengar til bygging av nytt lager for hjelpemidlar.

- ✓ *Legetimar pr. bebuar i sjukeheim: 0,24 (gjennomsnitt 0,28)*
- ✓ *Vaksinasjondekning svineinfluensa 55 % (M & R 47%, landet 39 %)*
- ✓ *Nto driftskostnader pr innb til kommunehelsetenesta: kr 2343. (gj.snitt kr 1832)*
- ✓ *Nto.dr.utg til sosialtenesta pr. innb. 20-66 år : kr 1490. (gj.snitt kr 659)*
- ✓ *Fysioterapien har utført 45 4,5-månadskontrollar*

Fysioterapitenesta har pr i dag venteliste og desse vert fortløpande kontakta for time. Ventetida for 2009 har vore opp mot 3mnd. Førebyggjande arbeid vert i hovudsak utført av kommunefysioterapeuten. Det har vore 20 personar i "Aktiv på dagtid" si bassenggrupper Arbeidet med ei rehabiliteringsplan er sett på dagorden i 2010.

God oppslutning om vaksinasjon på helsestasjonen:

Frå hausten 2009 fekk jenter i 7. klasse tilbod om vaksine mot livmorhalskreft (HPV-vaksine). I Aukra kommune er det 84 % oppslutning om denne vaksinen. Elles er det 100% oppslutning om alle andre anbefalte vaksiner i vaksinasjonsprogrammet. Vi har hatt redusert tilbod i skolehelsetenesta på grunn av bemanningssituasjonen.

Prosjekt støttekontakt/avlastning:

Ei eiga prosjektleiarstilling har jobba med å bygge opp ei kvalitativt god avlastnings og støttekontakt teneste i Aukra kommune. Prosjektet skal avsluttast i 2010. Kommunestyret bevilga pengar til ny bustad i 2010.

Uavklart kring ambulanse og legeskyss

Tenesta var lagt ut på anbud og Aukra kommune har fått tilbod om vidare drift dei neste 10 åra. Saka om ambulansetransport har



engasjert mange i kommunestyret og for tida er det usikkert korleis framtidig legevakt og ambulansetransport vert løyst.

Medarbeidarundersøkinga:

Svar prosenten var låg m.a fordi vi har 12 personar som jobbar nokre få timar kvar månad i avlastningsbustad og som har større stillingar i andre einingar. Det er verdt å merke seg låg score (3,5) på overordna leing mens innhald i jobben og muligheit til å jobbe sjølvstendig scorar høgt (5,6).

Beredskapsplan

Plana er oppdatert og vi planlegg utviding av det kommunale krisepsykiatriske teamet med ein representant for heimetenesta.

Økonomi

Årsrekneskap for eininga viser eit underskot på knapt 2.1 millionar.

Årsaka er at drifta av ambulansebåten var underbudsjettet med kr. 1.462.000. Dette blei tidleg gjort kjent gjennom tertialrapport til kommunestyret.

Dessutan var det ikkje ført opp kostnader på kr. 473.00 til NAV reforma.

Støttekontakt tenesta kosta kr 320.000 meir enn budsjettet.

Utfordringar for eininga framover:

Aukra helsesenter treng oppgradering og ny ventilasjon. Dette har vore eit tema dei siste 15 åra. Det er satt av pengar til dette, men utbygginga er utsett i påvente av ei sak kor ein foreslår at barnevernstenesta skal bli flytta over til helsesenteret saman med psykiatrisk sjukepleiar, jordmor og helsestasjon, for å få til eit tettare samarbeid. Samtidig blir fysioterapiavdelinga flytta saman med ergoterapeut over i nye lokalar. Dette vil gje ein betydelig større treningssal som vil gjere arbeidskvardagen betre for både terapeutar og pasientar.

I tillegg treng ein å skifte ut møbler som er frå 1981, og oppgradere ekspedisjon og kantine. Vi treng også kontor for legestudentar. Det blir ei utfordring å drifte eininga under utbyggingsperioden.


Ambulansebåt og legeskyss er foreløpig satt på vent etter eit utspill frå ordførarane i Aukra og Midsund. Dette kan også få konsekvensar for legevakt samarbeidet mellom dei tre kommunane. Helseforetaket ser no på alternative modellar. I mellomtida tek motorpassarane pålagt utdanning som ambulansepersonell.

Roald Borthne

Einingsleiar Helse og sosial



Plan, utvikling og samfunn



Investeringar i digitale planverktøy

Avdelinga har i 2009 fått ansvaret for byggesakshandsaminga. Det er no 5 personar knytt til avdelinga i tillegg til stillingsressursen vi kjøper frå Fræna kommune på landbruksaker. I tillegg vert det kjøpt inn litt tenestar på oppmålingssaker frå ekstern konsulent. Det vert også leigd konsulentar knytt til reguleringsplanar ved behov. Vi har ingen etterslep eller venting på handsaming av søknadar knytt til verken byggesak, oppmålingsarbeider eller handsaming av søknadar knytt til private reguleringsplanar.

Overordna planprogram

Kommuneplanarbeidet har også fått stor merksemd i løpet av året. Det er stadfesta planprogram både for energi, miljø- og klimaplan, samt for kommuneplana sin samfunnsdel. I tilknytning til dette har det vore gjennomført fleire opne dialogmøte. Endeleg stadfesting av desse planene vart ikkje ferdigstilt i 2009.

Regulering

Det har vore mange reguleringssaker i handsaming i 2009. Dei kommunale planane vart utferda ved eigen bemanning.

- ✓ Byggesøknadar: 234
- ✓ Utsendte målebrev: 89
- ✓ Stadfesta reguleringsplanar: 9
- ✓ Tal på planer under behandling 26
- ✓ Kr.850.000,- utbetalt frå Næringsfondet.

Byggesak og oppmåling

Det var ein særleg stor aktivitet både på byggesak og oppmåling noko som gebyrinntektene syner. Avdelinga fekk prioritert handsaminga av desse søknadane slik at ingen faktiske prosjekt fekk nokon nemneverdige opphald.

Fokus på grunnerverv

Det er gjennomført grunnerverv på det nye bustadfeltet Falkhytten bustadfeltet del 1 og 2. Inkludert i dette området ligg Falkhytten gard. Dette kjøpet er basert på frivillige avtalar jfr takstar som er utarbeida. Det er også gjennomført fleire møter vedkjem grunnerverv i Julsundet utan at dette har lukkast.

Arbeid med næringsaker

Det var også stor aktivitet på næringsarbeid i 2009. Det er gitt tilsagn på utbetalingar på om lag 1.2 mill. Dette syner ein positiv interesse for vidare næringsutvikling i kommunen.

Teknologi

Det vart teke initiativ til ein felles kartportal mellom Molde, Fræna, Aukra og Midsund. Denne er no på plass – www.romsdalskart.no. Vi har og investert i nye dataprogram både for sakshandsaming og for teikning av planer. Det



vart i 2009 førebudd eit omfattande prosjekt på skanning av historisk bygge- og delingsarkiv.

Betra tilgang til ADSL

Avdelinga har hatt ansvar med og gjennomført avtalar vedkjem breibåndbygging for om lag 2 millionar i 2009. Dette har medført at dei fleste husstandar på Gossen i dag får tilgang til ADSL med brukbar kvalitet.

Viltforvaltning

Det vart gitt løyve til felling av 260 rådyr og 60 hjortar samt 2 elgar i kommunen. Av desse vart det felt 214 rådyr, 55 hjortar og 2 elgar.

Medarbeidarundersøking

PUS og FDV hadde medarbeidarundersøking ilag grunna små avdelingar. Det var 75% deltaking i undersøkinga. Skalaen går frå 0 til

6 der gjennomsnittleg resultat for oss vart 4,3 med landsgjennomsnitt på 4,4.

Den lågaste score kom på overordna leing med 3,6 poeng. Nærmeste leing vart sett til 4,1. Den høgaste scoren vart gitt samarbeid og trivsel med kollegaene med 5,0 poeng.

Utfordringar framover:

Erverv av bustadareal i Julsundet
Tilstrekkeleg framdrift i kommuneplanarbeidet
God kompetanse i alle tenesteoppgåver.

Arild Grønsberg

Einingsleiar Plan, utvikling og samfunn



Forvaltning, drift og vedlikehald



Bildet viser gamal inntaksleidning på veg ut av vatnet og ny leidning på vei ned og dimensjonane veks.

2009 var eit år med stor utbyggingsaktivitet innafør FDV sine arbeidsområde:

- Ubyggingsavtalen med Statnett SF om utbygging av vassforsyning Tverrlia – Gossen, blei godkjent. Byggearbeidet starta sist i november med ny inntaks-leidning i Tverrlivatnet.

- Det blei gjennomført ei plan og prosjekt-utvikling for nye Riksfjord skole der lokalisering og forprosjekt er behandla av kommunestyret.

- Utbygging av småbåthamna i Juvika var ferdigstilt 2009. Teknisk og økonomisk gjekk utbygginga som planlagt og avtalt med partnerskapet for Ormen Lange.

VAR (Vatn, avløp og renovasjon)

Både kvantitet og kvalitet i vass-produksjonen har vore god i 2009. Vatn til forbrukar har vore levert utan vesentlege avvik og i den mengde som har vore etterspurd. UV-anlegg er installert ved Tverrlia vass-behandlingsanlegg.

Unntak frå dette har vore nokre tilfelle med vassleidningsbrot og lokal følgje av slike hendingar.

I 2009 er 112 % av gebyrgrunnlaget utnytta. Akkumulert overskott avsett i driftsfond er på 2.351.190. Sett i høve til utfordringane

- ✓ *Årsgebyr for vassforsyning Aukra 2.240,-, M&R 2.627, landet 2.623,-.*
- ✓ *Årsgebyr avløpstenesten Aukra 2000, M&R 2.116, landet 3.043,-.*
- ✓ *Årsgebyr for avfallstenesta Aukra 2.880, M&R 2.389,- landet 2.296,-.*
- ✓ *Netto driftsutgifter i kroner pr innbygger for kommunal veg og gater i alt Aukra 1780 ,M&R 862, Landet 700*
- ✓ *(Obs! Her gjer utbygginga av Sætervegen utslag. Utbygginga er lagt under drift)*
- ✓ *Lengde kommunal vegar og gater i km pr 1000 innbygger Aukra 13.1, M&R 11.1 Landet 8.8*
- ✓ *Gang-og sykkelveg i km som er kommunalt ansvar pr 10 000 innbygger Aukra 50, M&R 18 Landet 12*

framover er fondet ein god situasjon som kan gje eit stabilt avgiftsnivå framover.

Drift av **avløpsnett** og **reinseanlegg** har gått utan vesentlege avvik i 2009. Unntak frå dette har vore et par tilfelle av leidningsbrot og pumpestans, og lokal følgje av slike hendingar. I 2009 var det siste fellesanlegget for avløp i Aukra delt opp i separat avløp og dreins-leidning. Ein milepæl innafør avløpsområdet. I 2009 er 74 % av gebyrgrunnlaget utnytta. Akkumulert underskott blir på 555.407. Denne situasjonen vil bli vurdert nærare i løpet av 2010.

Renovasjon er gjennomført av RIR.

Oppretting i avskrivingar for 2009 vil for 2010 gje eit lågare avgiftsgrunnlag.

I 2009 er 104.7 5% av gebyrgrunnlaget utnytta.

Kommunale bygg

I tillegg til vaktmeistertjenester generelt er det i 2009 gjennomført fullrenovering av to bueningar og to vart lettare oppgradert. Institusjonsbygga Bergland og Bergtun er måla utvendig. Aukraheimen har fått pussa opp bærerommet og utvendig fasade mot atriumet, og kjøkkenet er utbygd.

I biblioteket er det lagt nytt flislagt golv. Nye automatiske dører på Helse- og Sosialsenteret.



Riksfjord skole har fått nytt tak i gangen til ungdomsskolefløya. Utbetringsarbeid ved Julsundet Skole og samfunnshus via tiltakspakka.

Veg

Budsjettert vintervedlikehald blei for 2009 overskrede med 47%.

Budsjetterte utgifter til veg-og gateløys blei overskrede med 38 %. Her var straumutgiftene 47 % over budsjettert.

Det var derfor sett i verk tiltak for å halde budsjettet. Tiltaka har i hovudsak vore å redusere vedlikehald elles både for arbeidstimar og materiell. Slik har ein unngått overskridingar innan ansvar veg, veglys og trafikktrygging. Det er greitt å redusere aktiviteten eit år for å unngå overskridingar som skuldast slike forhold, men etterslepet må helst takast året etter.

Brann

Kommunen har etterkvart fått til ei godt kvalifisert utrykkingsavdeling med høg fagkunne. I 2009 hadde brannvernet til saman 33 utrykkingar av forskjellig art. Brannvernet har i 2009 tatt i bruk ny befalsvaktbil utsyrt med røykdykkarseter og noko førsteinnsatsutstyr. Viktig betring av førsteinnsatsen. Ein ser no elles fram til å kome inn i nye og permanente lokale.

Tilsyn i § 13 bygg for 2009 fekk vi godkjent frå DSB etter søknad. Grunnen til dette var at kommunen hadde hatt tilsyn sitt så seint i 2008 at ein fekk ein situasjon der ein gjekk tilsyn rett etter at § 13 bygga hadde utbetra sine pålegg som var pålagt frå 2008. Då ville ikkje tilsynet ha noko effekt på det brannførebyggjande arbeidet i § 13 bygga.

Feiing i 2009 har vore utført i samsvar med gjeldande lover og føresegner. Det har vore utført feiing av piper i Aukra kommune etter dei krav som gjeld.

Økonomi:

Budsjettramma for FDV var på 8.243.701 og resultatet er på 8.567.518 (104%).

Overskridingane som følgje av auka "brøyteutgifter" og veglysutgifter, samla 621.000,- er dekt innafor eiga ramme.

Setervegen i 2009 er utgiftsført med 1.211.101. Dette er eit fylkesvegprosjekt som er belasta driftsbudsjettet utan at dette er kompensert.

Dekning ved tilskott frå partnerskapet og vegvesenet er kome inn tidlegare år.

Etter dette er ramma for FDV overskrede med kr 323.817. Når utgiftene til Sætervegen vert halde utanfor, har drifta av FDV gått med eit overskott på ca kr 887.284.

Budsjettramma for brann var på 2.916.017 og resultatet på 3.348.651 (116%). Lønspostane for utrykking og øving har eit meirforbruk aleine på kr. 455.778 og fortsatt leige av telt i 2009 har kostet kr 105.000

Andre utbyggings-prosjekt som blei ferdigstilt i 2009:

Utbygging av Juvika Småbåthamn
Kunstgressbanen på Riksfjord
Vegopprusting Juvik – Sæter
Uteområde ved Bergetippen
Rehabilitering av terreng etter steinbrot på Rindarøya
Ny pumpestasjon og nytt utslepp for Hollingbukta.

Utfordringar for eininga framover:

Gjennomføring av mange investerings-prosjekt og store enkeltprosjekt som vassverket, nye bustadtomter og ny skole, gir store utfordringar framover. Vi planlegg her å forsterke organisasjonen for skoleutbygginga ved meir innleige.

I 2010 må vi få til endringar som gjer at vi kan halde eit nivå på renovasjonsgebyret som ikkje avvik i vesentleg grad frå RIR området elles. Strømutgiftene vil bli ei utfordring framover. I 2010 vil vi forsere arbeidet med å planlegge og gjere tiltak på veglysnettet. Likeeins har vi fokus på dette i samband med planlegging av ny skole.

Dårleg inndekning av utgiftene til avløpsområdet er bekymringsfullt. Vi har no eit akkumulert underskott og vi må ta stilling til korleis vi løyser dette problemet.

Terje Urdshals
Einingsleiar FDV



NAV Aukra



Dei tilsette ved NAV Aukra. Frå venstre: Monica Solheim, Edmy Sletten, Solveig Kristine Vassdal, Tor Steinar Misund, Sollaug Sætervik Sporsheim, Jannicke Solem.

Etter ein arbeidskrevjande etableringsprosess kunne NAV Aukra opne dørene for brukarane i kommunen den 26. november 2009. Med dette vart velferdstenestene frå den kommunale sosialtenesta, NAV arbeid og NAV trygd samla under same tak.

Kommune og stat likeverdige samarbeidspartnarar

Styringsgruppa for NAV Aukra vart konstituert i mai 2008. Det vart oppnemnde ei lokal prosjektgruppe med ansvar for detaljplanlegging og gjennomføring av etableringa av kontoret i høve overordna planer og føringar gitt av rådmannen i Aukra kommune og fylkesdirektøren i NAV Møre og Romsdal.

Av samarbeidsavtalen mellom Aukra kommune og NAV Møre og Romsdal går det fram at kommunen og staten er likeverdige samarbeidspartnarar. Saman skal ein skape eit velfungerande arbeids- og velferdskontor i Aukra som står fram som ein einskap for brukarane. I tillegg til arbeids- og velferdsforvaltninga sin visjon "*Vi gir menneskjer muligheiter*" er ein samd i å legge følgjande lokale mål til grunn for samarbeidet:

- Utvikle gode samarbeidsformer med andre kommunale og statlege tenester.
- Utvikle gode samarbeidsrelasjonar med eksterne tenesteleverandørar og institusjonar.
- Brukarane skal i kontakt med kontoret oppleve å bli tatt på alvor, møtt med

- ✓ NAV Aukra er lokalisert på Falkhytten.
- ✓ Kontoret har 3 kommunalt tilsette, 3 statlege tilsette.
- ✓ Leiar vart tilsett frå 01.05.09 på statlege vilkår.
- ✓ Lokala inneheld eigne rom for brukarsamtalar
- ✓ Arbeidsplassar med sjølvbetenings-pc for brukarar.
- ✓ Universell utforming og tilgjenge i lokala.

respekt og møte kompetente og løysingsorienterte medarbeidarar.

- Arbeidsmiljøet skal vere inkluderande, prega av openheit, respekt for kvarandre og bruk av den enkeltes kompetanse.

Kommunale tenestar i NAV Aukra

Ut over kommunens ansvar for økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester, råd og rettleiing og arbeidet med individuelle planar, skal kontoret også dekke følgjande tenester som Aukra kommune har ansvar for etter Lov om sosiale tenester:

- Sosialadministrasjonen i kommunen.
 - Sosialtenesta sine generelle oppgåver
 - Sosiale tenester
 - Økonomisk stønad.
 - Særlege tiltak overfor rusmiddelbrukarar.
- I tillegg har kontoret ansvar for Husbanken sine låne- og tilskotsordningar, parkeringskort for funksjonshemma og drosjekort.

Utfordringar for eininga framover:

Følgje opp aktuelle kandidatar for Kvalifiseringsprogrammet.

Ha god kontakt med næringslivet og medverke til å redusere sjukefråværet i kommunen.

Sette i verk kompetansefremmande tiltak som underbygger kravet om å tilby einskaplege tenester på tvers av dei kommunale og statlege ansvarsområda.

Ha fokus på tiltak som kan styrke nærværet og fremme eit godt arbeidsmiljø i kontoret.

*Tor Steinar Misund
Leiar NAV Aukra*



Aukra kommune